

Årsmelding 2014

for Meland kommune

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Rådmann si oppsummering og kommentarar til 2014	3
1.2	Framlegg til vedtak for årsrekneskapen 2014	4
2	Årsmelding – årsrekneskap 2014	4
2.1	Innleiing med kommentarar til årsmeldinga sitt innhald	4
2.2	Oppsummert rekneskap 2014	4
2.3	Internrekneskap drift 2014	5
2.4	Spesifikasjon av netto inntektsramme	5
2.5	Netto utgiftsramme delegert til rådmannen	7
2.6	Investeringsrekneskapen	8
2.7	Balansen	9
2.8	Økonomistyring	10
2.9	Likestilling	10
2.10	Etisk standard og etisk arbeid i kommunen	10
2.11	Økonomiske utsikter	10
3	Meland kommune i 2014	11
3.1	Folketalsutvikling og demografi	11
3.2	Folkevekst i Meland kommune samanlikna med andre kommunar	13
3.3	Kommuneplan 2014-2025	14
3.4	Kommunebarometeret 2014 – førebels tal for Meland kommune	14
4	Politisk organisasjon og aktivitet i 2014	16
5	Personaltilhøve	17
5.1	Årsverk og tilsette	17
5.2	Sjuefråvere og nærværarbeid	17
5.3	Personalarbeid og organisasjonsutvikling	18
5.4	Likestilling	19
5.5	Etikk	20
6	Andre tilhøve	21
6.1	Internkontroll	21
6.2	Beredskap	21
6.3	Interkommunalt samarbeid	22
6.4	Barnehagesektoren	23
6.5	Private skular i Meland kommune	26
6.6	Grunnskulen i Meland	27
6.7	Meland kyrkje	30
7	Kommentarar til drift/resultat for tenesteområda i 2014 og utsiktene framover	31
7.1	Adm. stab rådmann	32

7.2	Økonomikontoret	33
7.3	IKT og telefoni.....	33
7.4	Brannvern	34
7.5	Rådgevartenesa, PPT og vaksenopplæringa	35
7.6	Marihøna barnehage	36
7.7	Grasdalen skule	37
7.8	Meland Ungdomsskule.....	37
7.9	Rosland skule	38
7.10	Sagstad skule	39
7.11	Vestbygd skule.....	40
7.12	Helse	40
7.13	NAV / sosiale tenester	44
7.14	Barnevern	45
7.15	Meland sjukeheim	46
7.16	Meland heimeteneste	48
7.17	Kultur	51
7.18	Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)	52
8	Investeringar i 2014.....	54

1 Innleiing

1.1 Rådmann si oppsummering og kommentarar til 2014

Dette er siste årsmelding sitjande kommunestyre får seg førelagt. Det er difor kjekt å nok ein gang kunne leggje fram ei årsmelding og ein rekneskap som syner at vi har kontroll og styring på økonomien. Kommunestyret har i denne valperioden gjort naudsynte grep for å rette opp ein skakkjørt økonomi. Vi nådde målet om å kome ut av ROBEK, budsjettere med overskot og byggje opp driftsfond. Det er slik ein sunn kommuneøkonomi bør og skal vere, likevel må vi kunne glede oss over eit overskot på 15 mill. kr.

Ein ryddig og solid kommuneøkonomi gjer kvardagen enklare. Dette er kanskje ikkje så lett å sjå for dei som opplever å ikkje få den hjelpa dei meiner dei skal ha.

Eg registrerer i debatten at ein del reagerer på at kommunen driv med overskot. Det er heilt vesentleg for ei kvar verksend å klare og styre utgiftene sine, og å tilpasse utgifter til inntekter. Det å ha eit lite overskot som sikrar ein buffer er heilt naudsynt også for ein kommune, og i tråd med god kommunal økonomistyring. Det er mange usikre både inntekts- og utgiftsanslag i ein kommune sitt budsjett. Dersom vi ikkje har ein buffer vil svikt i inntekter og/eller auke i utgifter måtte løysast ved kutt i eksisterande drift. Det har vi prøvd, og det er svært lite populært.

Meland kommune har framleis høg folkevekst, sjølv om veksten i 2014 var noko lågare enn den har vore dei to føregåande åra. Ein vekst på 2,5 % må likevel seiast å vere høg, og kanskje høg nok. Det er fødselsoverskot og netto innflytting av som gir folkeauken.

Den høge veksten set press på tenesteleveringa. Når ein les årsmeldinga frå tenestekområda vil ein sjå at det er eit behov for auka ressursar i form av både personell om materiell. Det er eit faktum at vi har måtta prioritere strengt korleis vi skal fordele midlane til drift. Det betyr at vi ikkje kan innfri alle ynskje. Eg trur ikkje vi nokon gong kjem dit at det er nok ressursar til at alle er nøgde. Vi må leve med dette, samstundes som vi skal syte for at innbyggjarane får dei tenestene dei har krav på og som er naudsynte for at dei kan leve eit normalt godt liv.

Gode tenester handlar ikkje berre om budsjettrammer, men måten dei vert ytt på. Vi veit gjennom eigne brukarundersøkingar og andre sine undersøkingar at dei som mottar tenester jamt over er meir nøgde med tenestene, enn dei som ikkje mottar tenester. Vi har mange tilsette som strekkjer seg langt for å yte gode tenester til brukarane. Det gjeld innanfor alle tenestekområde, men er nok mest synleg der brukar og tenesteytar møtes ein til ein.

I rekneskap og årsmelding ser vi mest bakover, på året som gjekk. Likevel er det grunn til og å sjå litt framover. Vi er inne i ei spanande tid for kommunane. Kva vil Meland vere i framtida? Skal vi utvikle oss vidare som eigen kommune, eller er det best med tanke på framtida å søkje saman med naboar for å etablere ein ny kommune? Eg er glad at vi uansett utfall av drøftingane omkring kommunestruktur i dag kan stå fram som ein oppegåande og profesjonell kommune med høg kompetanse og ryddig økonomi.

Ingvild Hjelmtveit
Rådmann

1.2 Framlegg til vedtak for årsrekneskapen 2014

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2014 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.098.808,29.
2. Mindreforbruket for 2014 på kr 3.098.808,29 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

2 Årsmelding – årsrekneskap 2014

2.1 Innleiing med kommentarar til årsmeldinga sitt innhald

Årsmeldinga er rådmann si utgreiing av kommunen si verksemd i rekneskapsåret, og skal gje ein overordna presentasjon og analyse av kommunen sin utvikling i året som gjekk. Årsmeldinga for 2014 er oppdelt etter tilrådingane i Standard nr 6 om noter og årsmelding frå Foreininga for god kommunal rekneskapskikk (GKRS). Denne seier mellom anna at årsmeldinga skal gje eit dekkjande bilde av kommunen si utvikling, resultat og stilling. Årsmeldinga og årsrekneskapen utgjer egne separate dokument, jf. kommunelova §48, med separate krav til innhald og utgreiing.

Kapittel 2 i denne årsmeldinga inneheld kommunelova og rekneskapsstandarden sine krav til årsmeldinga si informasjonsplikt. Kapittel 3 til 8 er ein utvida kommentar til kommunen sine oppnådde resultat, analyser og vurdering av tenesteproduksjon, viktige hendingar og framtidige utfordringar. Det kan såleis vere at same forhold vert omtalt både i kap. 2 og seinare i årsmeldinga.

2.2 Oppsummert rekneskap 2014

Rekneskapsmessig mindreforbruk vart i 2014 kr 3,1 mill. I tillegg vart det budsjettert og rekneskapsført mindreforbruk / avsetning til disposisjonsfond på kr 11,8 mill., slik at overskot for året reelt er kr 14,9 mill.

Tal i heile 1 000 kr

Hovudoversikt rekneskap	Regnsk. 2014	Reg. bud. 2014	Oppr.bud. 2014	Regnsk. 2013	Endring 2013-2014
Driftsinntekter	488 079	467 521	470 821	468 751	19 328
Lønnsutgifter og sosiale utgifter	269 432	267 465	267 268	264 694	-4 738
Andre driftsutgifter	215 378	199 421	200 937	177 634	-37 744
Brutto driftsresultat	3 269	634	2 616	26 422	-23 154
Brutto driftsresultat i prosent av sum driftsinnt.:	0,67 %	0,14 %	0,56 %	5,64 %	-4,97 %
Eksterne finansinntekter	16 268	18 423	18 423	13 320	2 948
Sum eksterne finansutgifter	24 302	28 954	28 954	28 086	3 784
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-8 035	-10 531	-10 531	-14 766	6 732
Motpost avskrivningar	18 971	19 061	19 061	18 245	726
Netto driftsresultat	14 206	9 164	11 146	29 901	-15 696
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinnt.:	2,91 %	1,96 %	2,37 %	6,38 %	-3,47 %
Netto avsetningar (ekskl. avsetn disp.fond)	712	2 654	2 654	-8 821	9 532
Resultat før avsetn. disp. fond / inndeck.	14 917	11 818	13 800	21 080	-6 163
Avsatt til disp.fond / inndeck. tildl. års underskot	11 818	11 818	13 800	18 073	
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	3 099	-	-	3 007	
Sum overskot 2014	14 917	11 818	13 800	21 080	-6 163
Overskot i prosent av sum driftsinnt.:	3,06 %	2,53 %	2,93 %	4,50 %	-1,44 %

Netto driftsresultat er kr 14,2 mill., som utgjer 2,91% av sum driftsinntekter. Dette svarer nesten til måltallet som fylkesmannen brukar på 3 %. Netto driftsresultat for 2013 var kr 29,9 mill. (6,38%). Sjølv om vi har ein nedgang i netto driftsresultat i 2014 samanlikna med 2013 er likevel resultatet i 2014 det nest beste i kommunen si historie. Dersom rekneskapen vert vedteken som i framlegget vil

kommunen ved utgangen av 2014 ha eit disposisjonsfond på kr 17,9 mill., som er 3,7 % av driftsinntektene.

Brutto driftsresultat går betydeleg ned i 2014, frå kr 26,4 mill. i 2013 til kr 3,6 mill., ein reduksjon på kr 23,2 mill. Endringa skuldast i hovudsak auka utgifter som ein ikkje har kompensert med tilsvarende inntektsauke.

2.3 Internrekneskap drift 2014

tal i heile 1 000 kr

Meland kommune 2014	Regnsk. 2014	Budsj. 2014 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2013	Auke 13-14	Auke 13-14 i %
Netto inntekter økonomi og finans (skatt, rammetilskot m.m.)	394 389	393 500	889	0,2 %	359 006	35 383	9,9 %
Netto utgiftsramme delegert til rådmann:	379 472	381 682	2 210	0,6 %	337 926	41 546	12,3 %
Resultat før inndekning og avsetninger	14 917	11 818	3 099		21 080	-6 163	
Inndekking av tidlegare års meirforbruk					18 073		
Avsetning til disposisjonsfond:	11 818	11 818	0				
Rekneskapsmessig mindreforbr.	3 099		3 099		3 007		
Sum overskot:	14 917	11 818	3 099		21 080		

Revidert budsjett viste ei inntektsramme i 2014 på kr 393,5 mill. Rekneskapsmessig kom vi ut med kr 394,4 mill, eit positivt avvik på kr 0,9 mill. I 2013 var denne ramma på kr 359 mill, og auka frå 2013 til 2014 er såleis på kr 35,4 mill eller 9,9%.

Rådmann er i budsjettet (rev.) tildelt ramme på kr 381,7 mill til fordeling på dei ulike driftseiningane. Rekneskapan viser netto utgifter på 379,5 mill, og ei innsparing i forhold til overordna ramme på kr 2,2 mill. I rekneskapan for 2013 var sum utgifter på tenesteområda på kr 337,9 mill, og veksten i utgifter frå 2013 til 2014 er på kr 41,5 mill eller 12,3%.

I sum kjem vi ut med eit overskot på kr 14,9 mill, som er kr 3,1 mill betre enn det budsjetterte overskotet på kr 11,8 mill.

2.4 Spesifikasjon av netto inntektsramme

Skatt og rammetilskot

Tabellen på neste side syner at Meland kommune har i 2014 ein nedgang i skatteinntekter på kr 0,1 mill, frå 161 mill i 2013 til kr 160,9 mill i 2014. Dette er kr 4,9 mill lågare enn i revidert budsjett. I opprinneleg budsjettvedtak var veksten i skatteinntekter for optimistisk. I revidert budsjett er disse justert ned til ein vekst på 3% frå 2013, tilsvarende berekna nasjonal skattevekst i statsbudsjettet. Vi har ikkje nokon god forklaring til stagnasjonen i vekst i skatteinntekter etter fleire år med relativt kraftig vekst. Skatteinntektene pr innbyggjar går ned frå kr 21.520,- i 2013 til kr 21.000,- i 2014, ein reduksjon på 2,4%.

Som følge av at Meland er ein låginntektskommune får vi kompensert ca. 95% av manglande auke i skatteinntektene gjennom inntektsutjamningsordninga, opp til nivå for nasjonal skattevekst i rekneskapsåret. Nasjonalt auka skatteinntektene med 1,9 % frå 2013 til 2014.

Spes. av netto innt. økonomi og finans	Reknsk. 2014	Bud. reg. 2014	Avvik	Oppr. bud. 2014	Reknsk. 2013	Endr 2013 2014	Endr i %
Skatt	160 909	165 800	-4 891	169 200	160 999	-90	-0,1 %
Rammetilskot	185 025	184 700	325	184 700	173 426	11 599	6,7 %
Innt. utjamning	18 745	15 700	3 045	16 100	12 952	5 793	44,7 %
Sum skatt og rammetilsk.	364 679	366 200	-1 521	370 000	347 377	17 302	5,0 %
Avdrag	-13 509	-16 083	2 574	-16 083	-13 171	-338	2,6 %
Avskrivningar	-12 857	-12 295	-562	-12 295	-12 248	-609	5,0 %
Kalk. avskr. komm. bygg	2 300	2 300	-	2 300	2 300	-	0,0 %
Motpost avskr.	18 971	19 061	-90	19 061	18 245	726	4,0 %
Netto avskrivningar	8 414	9 066	-652	9 066	8 297	117	1,4 %
Renteutgifter	-10 638	-10 496		-10 496	-11 712	1 074	-9,2 %
Rentekomp.	2 287	2 460	-173	2 460	2 244	43	1,9 %
Kalk. renter selvkostomr.	3 330	3 000	330	3 000	3 045	285	9,4 %
Byggelånsrenter invest.		725	-725	725	1 291	-1 291	
Renter utlån	1 037	1 073	-36	1 073	1 103	-66	-6,0 %
Renteinntekter	1 904	1 300		1 300	1 769	135	7,6 %
Diverse rentepostar	-2 080	-1 938	-142	-1 938	-2 260	180	-8,0 %
Eigedomsskatt	23 631	23 400	231	22 900	15 942	7 689	48,2 %
Utbytte	13 086	13 000	86	13 000	6 086	7 000	115,0 %
Div utgifter og inntekter	168	-145	313	-145	-115	283	
Tap på fordring					-1 608	1 608	
Premieavvik					-1 542	1 542	
Sum andre postar	36 885	36 255	630	35 755	18 763	18 122	96,6 %
Sum økonomi og finans	394 389	393 500	889	396 800	359 006	35 383	9,9 %

Inntekstutjamninga er difor kr 18,7 mill i 2014, som er kr 3,05 mill høgare enn revidert budsjett , eller ca 1,9 % av dei budsjetterte skatteinntektene. Auken i rammetilskot frå 2013 til 2014 er på kr 11,6 mill eller 6,7%. Sum skatt og rammetilskot vart i sum kr 1,5 mill lågare enn budsjett. Den relle årsaka til dette er altså at nasjonal skattevekst frå 2013 til 2014 vart 1,9 % mot berekna 3,0 % i statsbudsjettet for 2014.

Avdrag

Avdrag i driftsrekneskapen er bokført med kr 13,5 mill, mot budsjettert 16,1 mill. I tillegg er det ført kr 2,1 mill i investeringsrekneskapen som avdrag på formidlingslån (startlån frå Husbanken). Totalt er det betalt kr 15,6 mill i avdrag. Minimumsavdrag i driftsrekneskapen etter reglane i kommunelova §50 er rekna til å vere kr 13,2 mill. Vi har såleis betalt kr 0,3 mill meir enn dette.

Netto avskrivningar

Avskrivningane skal totalt sett gå i 0 i kommunerekneskapen. At dei viser ein netto inntekt i 2014 på kr 8,4 mill på finansområdet i rekneskapen skuldast at tilsvarende sum avskrivingskostnad er fordelt ut på tenesteområde for Plan, Utbygging og kommunalteknikk (PUK), der dei er ført som del av kostnadane til drift av kommunale bygg og til vassverk- og avløpsanlegg (sjølvkostrekneskapa).

Diverse rentepostar

Totalt er det bokført kr 10,6 mill i renter på lån i 2014, ein reduksjon med kr 1,1 mill i forhold til 2013, der kostnaden var kr 11,7 mill. Vi mottok i 2014 kr 2,3 mill i rentekompensasjonsmidlar for dekking av renteutgifter vi har på skule og institusjonsbygg. Vi har fordelt kr 3,3 mill som andel rentekostnader til sjølvkostrekneskapa for vassverk- og avløpsanlegg. I tillegg har vi i 2014 kr 1,0 mill

i inntekt på vidareutlån og kr 1,9 mill i renteinntekt på bankinnskott og fondsplasseringar. Netto bokført renteutgift er såleis kr 2,0 mill på finansområdet i driftsrekneskapen, og det er kr 0,1 mill meir enn i revidert budsjett, og kr 0,2 mill mindre enn i 2013.

Eigedomsskatt og utbytte m.m.

Satsen for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedommar vart justert opp frå 3 promille i 2013 til 5 promille i 2014. Satsen på verk og bruk er 7 promille i 2014 som i 2013. Inntektene auka med kr 7,7 mill frå 2013 til kr 23,6 mill i 2014. Kommunen mottok i 2014 ekstraordinært utbytte frå Meland Utviklingsselskap AS på kr 7 mill i 2014. Elles fekk kommunen same utbytte frå BKK på kr 6,1 mill i 2014 som i 2013. Totale utbytteinntekter i 2014 er difor kr 13,1 mill.

Kommunen har ikkje bokførte tap på fordringar i 2014, medan ein i 2013 kostnadsførte slike tap med kr 1,6 mill. Premieavvik på kr 1,54 mill vart i 2013 ført samla på finansområdet, medan vi i 2014 har fordelt ein kostnad på kr 1,67 mill ut på tenesteområda. I praksis inneber dette ei tilsvarande innstramming av rammene for tenesteområda i 2014 samanlikna med 2013.

2.5 Netto utgiftsramme delegert til rådmannen

Tabellen nedanfor viser korleis rådmann internt har fordelt utgiftsramma på kr 381,7 mill til dei ulike tenesteområda som kommunen er organisert i, og resultatet for kvart tenesteområde.

Tenesteområda sine fullmakter er regulert gjennom leiaravtaler. I sum har tenesteområda levert netto utgifter på kr 379,5 mill, som er 2,2 mill lågare enn utgiftsramma. Alle tenesteområda har positive avvik, unnateke Rosslund skule, Vestbygd skule og PUK som har meirforbruk på kring 0,1 mill, og området for private barnehagar som har eit stort negativt budsjettavvik på kr 4,6 mill.

Netto utgiftsramme delegert til rådmann fordelt administrativt på Tenesteområda:

tal i heile 1 000 kr

Tenesteområde	Regnsk. 2014	Budsj. 2014 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2013	Auke 13-14	Auke 13-14 i %
Adm. stab rådmann og politiske utval	14 602	14 824	222	1,5 %	13 481	1 121	8,3 %
Økonomikontor	8 078	8 148	70	0,9 %	6 807	1 271	18,7 %
Interkommunalt samarbeid: IKT	6 691	6 800	109	1,6 %	5 512	1 179	21,4 %
Interkommunalt samarbeid: Brannvern	5 804	5 900	96	1,6 %	5 625	179	3,2 %
Rådgivevartenesta	9 189	9 274	85	0,9 %	8 425	764	9,1 %
Private barnehagar (tilskott og adm.)	75 398	70 819	-4 579	-6,5 %	52 292	23 106	44,2 %
Læring og utvikling	10 724	11 213	489	4,4 %	12 189	-1 465	-12,0 %
Grasdalen skule	9 643	9 729	86	0,9 %	9 373	270	2,9 %
Meland Ungdomsskule	14 912	16 264	1 352	8,3 %	15 687	-775	-4,9 %
Rosslund skule	21 728	21 581	-147	-0,7 %	21 240	488	2,3 %
Sagstad skule	23 915	24 388	473	1,9 %	23 281	634	2,7 %
Vestbygd skule	13 640	13 529	-111	-0,8 %	13 330	310	2,3 %
Helse	28 793	29 795	1 002	3,4 %	26 383	2 410	9,1 %
Sosiale tenester / NAV	12 172	13 017	845	6,5 %	10 518	1 654	15,7 %
Barnevern	7 593	9 032	1 439	15,9 %	9 683	-2 090	-21,6 %
Meland sjukeheim	32 163	33 387	1 224	3,7 %	28 963	3 200	11,0 %
Meland heimeteneste	49 982	49 306	-676	-1,4 %	45 645	4 337	9,5 %
Kultur	6 637	7 026	389	5,5 %	5 996	641	10,7 %
Plan, Utbygging og kom.teknikk (PUK)	27 808	27 650	-158	-0,6 %	23 496	4 312	18,4 %
Sum netto utgift - internt fordelt ramme frå rådmann	379 472	381 682	2 210	0,6 %	337 926	41 546	12,3 %

Interk. samarbeid - Brannvern var i 2013 bokført som del av Plan, Utbygg. og kom.tekn. (PUK), men er i oppstillinga over flytta til eige linje der det er bokført i 2014.

Ser vi på utviklinga i utgifter frå 2013 til 2014 er veksten størst i området for private barnehagar, med ein vekst på kr 23,1 mill (44%) frå 2013 til 2014. Elles er auken størst innan helse med kr 2,4 mill, sjukeheimen med kr 3,2 mill, og heimeteneste og PUK, begge med ein vekst på kr 4,3 mill.

Tilskot til private barnehagar og diverse administrasjonstenester barnehagesektoren

Dette området har både den største budsjettoverskridinga i 2014 og den desidert største veksten i kostnader frå 2013 til 2014 med kr 23,1 mill. Tilskot til private barnehagar aukar med kr 24,9 mill (52%) frå 2013 til 2014. Auken kan delast opp i fleire komponentar:

- Ekstra tilskot vedr. 2013 er på kr 3,1 mill (kompensasjon for reduksjon i sluttavrekninga for 2013).
- ca kr 10,1 mill skuldast at auke i kostnadsgrunnlaget i den kommunale barnehagen gjer at tilskotsatsane per born til dei private barnehagane går opp med knappe 20 %.
- Barnetalet i dei private barnehagane går opp med 70 (kalkulerte heildagsplassar) frå 2013 til 2014. Dette aukar tilskotet med ca kr 11,2 mill.
- Auka tilskotsprosent fører til ein kostnadsauke på kr 1,5 mill.
Tilskotsprosenten seier noko om kor stor andel av kostnadsgrunnlaget i den kommunale barnehagen som dei private barnehagane skal få i tilskot. Denne var i gjennomsnitt for 2013 på 93,7%, og i 2014 på 96,8%. Frå hausten 2014 og fram til evt. nytt vedtak er satsen på 98%.

Kommentarar til resultat og utvikling for dei andre tenestoområda kjem i kap. 7.

2.6 Investeringsrekneskapen

Tabellen nedanfor viser at det er bokført investeringar for kr 21,2 mill. Største prosjekt er utbygging av Meland sjukeheim, med ein kostnad i 2014 på kr 11,9 mill. Andre investeringsaktivitetar er på kr 17,1 mill kr. Avsetning til fond er salsinntekt Vestbygd barnehage med kr 1,9 mill og tilskot til breibandsutbygging med kr 3,1 mill motteke i 2014, men avsett for bruk i 2015. Til slutt har vi utlån, avdrag og avsetningar på kr 11,2 mill vedr. kommunen sin vidareformidling av Startlån frå Husbanken. Sum finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er dermed kr 38,3 mill.

	tal i heile 1 000 kr			
Investeringar 2014	Regnsk.	Reg. bud.	Oppr. bud.	Avvik
IKT-investeringar	1 990	1 910	1 290	80
DIV. - Kommunale eiged. / bygg / vegar / kaier	1 543	1 173	998	370
Meland sjukeheim	11 929	11 929		0
Asfaltering og trafikksikring	1 060	1 081	1 006	-21
Div vegprosjekt finansiert av andre	292	90		202
Diverse prosjekt vassverk og avlaup	4 425	3 905	10 396	520
Sum brutto investeringar	21 239	20 088	13 690	1 151
Kapitalutvid. Sambandet Vest AS og kap. inskot KLP	874	874	110	0
Avsetn. til fond	4 991	1 880		3 111
Startlån - Utlån, Avdrag og avsetninger	11 245	7 000		4 245
Sum andre investeringsaktivitetar	17 110	9 754	110	7 356
Sum finansieringsbehov i investeringsrekneskapen	38 349	29 842	13 800	8 507
Momsrefusjon / momskomp.	3 283	3 175		108
Tilskot, refusjonar, salsinntekter	10 060	6 832		3 228
Bruk av lånemidlar	12 700	11 320	12 200	1 380
Bruk av kapitalfond	1 061	1 515	1 600	-454
Lånemidlar, avdrag og kapitalfond Startlån	11 245	7 000		4 245
Sum finansiering	38 349	29 842	13 800	8 507

2.7 Balansen

Sum eigendeler har auka med kr 57 mill. i løpet av 2014, frå kr 1 143 mill. pr. 31.12.2013 til kr 1 200 mill. pr. 31.12.2014. Eigenkapitalen er samstundes auka med kr 25 mill. og langsiktig gjeld er auka med kr 25 mill. Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforplikting.

tal i heile 1 000 kr

Balanse	Regnsk. 2014	Regnsk. 2013	Regnsk. 2012
Eigedomar, anlegg, utstyr og transp.m.	530 500	530 430	483 138
Utlån	38 827	42 755	40 334
Aksjer og andeler	99 593	98 719	98 041
Pensjonsmidlar	397 329	367 769	340 758
Sum anleggsmidlar	1 066 249	1 039 673	962 271
Kortsiktige fordringar	18 664	32 360	20 329
Premieawik	25 208	18 678	19 534
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	90 235	52 555	52 830
Sum omløpsmidlar	134 107	103 593	92 693
Sum eigendelar	1 200 356	1 143 266	1 054 964
Bundne driftsfond	17 646	18 506	14 777
Investeringsfond (bundne og ubundne)	22 336	13 126	16 160
Disposisjonsfond	14 825		
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	3 099	3 007	-18 073
Kapitalkonto	142 399	140 315	124 564
Sum eigenkapital	200 305	174 954	137 428
Pensjonsforpliktingar	517 493	493 508	451 244
Lånegjeld	411 783	410 605	397 209
Sum langsiktig gjeld	929 276	904 113	848 453
Diverse kortsiktig gjeld	65 220	59 742	64 054
Premieawik	5 555	4 457	5 029
Sum kortsiktig gjeld	70 775	64 199	69 083
Sum eigenkapital og gjeld	1 200 356	1 143 266	1 054 964
memoriakonto: Ubrukte lånemidlar	8 218	7 548	13 539

Netto lånegjeld er definert som lånegjeld minus utlån (startlån), og er kr 373 mill. i 2014, opp frå 368 mill. i 2013. Dette utgjør i 2014 76,4 % av driftsinntektene, ein reduksjon frå 78,5% i 2013. Lånegjeld pr. innbyggjar er kr 48.210 i 2014, ein reduksjon frå kr 48.761 i 2013.

Nøkkeltal lånegjeld og pensjon	Regnsk. 2014	Regnsk. 2013	Regnsk. 2012
Netto lånegjeld (lånegjeld minus utlån) mill kr:	373,0	367,9	356,9
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinnt.: :	76,4 %	78,5 %	80,9 %
Netto lånegjeld pr innbyggjar - heile kr :	48 210	48 761	48 574
Netto pensjonsmidlar og forplikting inkl. premieawik (minus betyr netto gjeld) - heile kr:	-100 511	-111 518	-95 981

I tabellen nedanfor visast alle kortsiktige balansepostar som har påverknad på netto likviditet tilgjengeleg til drift. Vi ser at balansen er betra frå kr 4,5 mill. i 2013 til 13,1 mill. pr. 31.12.2014. Likviditetsforbetringa kjem som følge av at kommunen har evna å gå med overskot og sette av midlar til disposisjonsfond.

Netto kortsiktige balanseposter / likviditet	Regnsk. 2014	Regnsk. 2013	Regnsk. 2012
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	90 235	52 555	52 830
Kortsiktige fordringar	18 664	32 360	20 329
Diverse kortsiktig gjeld	-65 220	-59 742	-64 054
Investeringsfond (bundne og ubundne)	-22 336	-13 125	-16 160
Unyttå lånemidlar	-8 218	-7 548	-13 539
Netto likviditets over/underskot til drift	13 125	4 500	-20 594

2.8 Økonomistyring

Kommunen klarer å oppnå eit godt resultat fordi ein i 2014 som i 2013 har klart å halde ei stram økonomistyring og tett kostnadsoppfølging, særleg av lønsutgiftene. Rådmann har fokus på at budsjettansvaret skal liggje der utgiftene faktisk påløper, og at vi gjennom ein flat organisasjonsstruktur får leiarar som både har og tek ansvar for eige budsjett og økonomioppfølging. Vi meiner og vi har god budsjett disiplin på alle nivå i organisasjonen.

På nokre område ser vi likevel at det er rom for forbetringar av kommunen si økonomistyring. Revisor påpeiker mellom anna i sin revisjonsrapport nr 12 manglande kontroll og rutinar i samband med fakturering av tenester levert frå kommunen, i tillegg til ein del manglande rutinar når det gjeld løpande avstemming og kontroll av rekneskapen. Det vil bli arbeidd med forbetring av desse forholda. Økonomikontoret har og i arbeid nye rutinar for økonomisk internkontroll.

2.9 Likestilling

80% av arbeidsstokken i Meland er kvinner og 20% er menn. I rådmann si leiargruppe er det 61,5% kvinner og 38,5% menn. Med utgangspunkt i vedtekne retningslinjer vert det jobba aktivt for å redusere omfanget av ufrivillig deltid, og det vart m.a. i 2014 gjort førebuingsarbeid til eit forsøksprosjekt med årsturnus ved Meland sjukeheim (vil bli sett i verk våren 2015).

2.10 Etisk standard og etisk arbeid i kommunen

Meland kommune har hatt Etiske retningslinjer sidan 2008 (vedtatt i kommunestyret). Kommunen deltar i det nasjonale prosjektet Samarbeid om etisk kompetanseheving 2012 – 2015. I 2014 var hovudtema brukarmedverknad og etikk, vidareføring av etisk refleksjon som metode i dagleg verksemd/tenesteyting og rekruttering av nye etikk-kontaktar.

2.11 Økonomiske utsikter

Meland kommune sin økonomi vil truleg ikkje endre seg vesentleg i åra framover. Kommunen er prega av høg vekst og ein relativt ung befolkning som gjer at gjennomsnittlege skatteinntekter er under 90% av landsgjennomsnittet. Dermed er inntektene i stor grad styrt gjennom dei avgjerder som vert teken når det gjeld utviklinga av kommuneøkonomien i dei årlege statsbudsjetta. Det er heller ikkje utsikter til å auke andre inntekter. Eigedomsskatten kan aukast noko, men det er eit politisk val.

Når vi samanliknar Meland med andre kommunar ser vi at kommunen har låge driftsutgifter på dei fleste tenesteområda. Vi kan bare levere gode tenester gjennom å ha eit dyktig personale som kan

levere effektive tenester med høg kvalitet. Fleire brukarundersøkingar på ulike områder dei siste åra tyder på at dette får vi til på ein relativt god måte. Det er ikkje utsikter til at ein kan få auke i ressursar til tenesteområda framover.

Veksten gjev store utfordringar når det gjelder kapasitet på kommunen sine lokalar for tenesteproduksjon. Mellom anna er tre av fem skular sprengt kapasitetsmessig, og vedteken økonomiplan legg opp til betydelege investeringar i nye eller utvida skulelokalar. Det er og trong for store investeringar innan vass- og avløpssektoren. Utfordringa for kommunen vert å ha økonomisk evne til å kunne gjennomføre naudsynte investeringar utan at det går ut over ressursar til direkte tenesteyting.

3 Meland kommune i 2014

3.1 Folketalsutvikling og demografi

Utvikling i folketal er eit av dei viktigaste basiskriteria for den økonomiske utviklinga i ein kommune. Stor vekst er ei utfordring for kommunane, då inntektssystemet er oppbygd slik at grunnlaget for rammeoverføringane og fleire andre inntektsrefusjonar skjer på basis av folketalet pr. 1. juli i året før rekneskapsåret. Pr 31.12.2014 var folketalet i Meland kommune 7.736, ein auke på 192 personar frå 2013, som utgjer 2,55 %. Dette er litt lågare enn veksten i 2013 (2,68%).

Folketalsutvikling Meland kommune 2004 - 2014:

År:	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
pr 31.12. i året	5 765	5 861	5 931	6 016	6 233	6 478	6 631	6 824	7 036	7 347	7 544	7 736
Vekst frå året før	61	96	70	85	217	245	153	193	212	311	197	192
Vekst i %	1,07 %	1,67 %	1,19 %	1,43 %	3,61 %	3,93 %	2,36 %	2,91 %	3,11 %	4,42 %	2,68 %	2,55 %

For å sjå den demografiske utviklinga vert folketal pr 1. juli brukt. I tabellen nedanfor ser vi at veksten frå 1. juli 2013 til 1. juli 2014 er på 2,5 %, som er noko lågare enn dei føregåande år. I perioden 2011-2013 var veksten svært stor for born 0-5 år, mens den er betydeleg lågare i 2014 med 1,9%. I aldersgruppa over 67 år er veksten høg, slik den har vore dei siste åra. For born i grunnskulealder 6-15 år var veksten låg til og med 2013, men er høgare i 2014 med ein vekst på 4,1%.

Utviklinga innanfor dei ulike aldersgruppene seier mykje om kva tenester det er trong for å utvide tilbodet til. Vi har dei siste åra hatt auke i kostnader til barnehage og i eldreomsorga, medan auka ressursbehov i skulen har vore mindre. Dette må no endrast når veksten aukar for born i grunnskulealder.

Folketalsutvikling Meland kommune 2010 - 2014


fordelt på aldersgrupper:

Endring frå året før:

Endr. i % frå året før:

pr 1. juli i året:	2010	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
0-5 år	607	647	693	743	757	40	46	50	14	6,6 %	7,1 %	7,2 %	1,9 %
6-15 år	1 027	1 052	1 065	1 076	1 120	25	13	11	44	2,4 %	1,2 %	1,0 %	4,1 %
16-22 år	661	669	693	733	725	8	24	40	-8	1,2 %	3,6 %	5,8 %	-1,1 %
23-66 år	3 758	3 908	4 086	4 197	4 278	150	178	111	81	4,0 %	4,6 %	2,7 %	1,9 %
67-89 år	581	608	637	684	739	27	29	47	55	4,6 %	4,8 %	7,4 %	8,0 %
90 år +	41	43	46	44	48	2	3	-2	4	4,9 %	7,0 %	-4,3 %	9,1 %
Sum	6 675	6 927	7 220	7 477	7 667	252	293	257	190	3,8 %	4,2 %	3,6 %	2,5 %

Meland kommune har og ein relativt ung befolkning. Tabellen under viser folketal pr 01.07.2014 fordelt prosentvis på aldersgrupper. 9,9 % av befolkninga i Meland kommune er under 6 år mot 7,4 % totalt for landet. Aldersgruppa 6-15 år er og større enn snitt for landet med 14,4 % mot 12,1%, medan vi har relativt færre eldre innbyggjarar. Aldersfordelinga er ein av dei viktigaste parametrar for berekning av rammetilskotet til kommunen, slik at vi får meir til skule og barnehage og mindre til eldreomsorg enn ein gjennomsnittleg norsk kommune.



Tabellane under syner at utviklinga med høge fødselsoverskot held fram i 2014 samanlikna med føregåande år. Talet på fødde utgjer 1,5% av folketalet pr.1.1.2014, og fødselsoverskotet er på 1,0%. Dette er omtrent som dei siste åra.

Fødselsoverskot:

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Fødde	81	70	81	93	84	93	92	93	114	120	110
Døde	30	29	36	35	31	54	49	42	42	38	35
Fødselsoverskot:	51	41	45	58	53	39	43	51	72	82	75

Netto inn-utflytting:

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Innflytting	357	328	362	420	479	450	460	572	619	539	561
Utflytting	312	303	324	265	287	333	308	411	380	424	444
Netto innflytting:	45	25	38	155	192	117	152	161	239	115	117

I 2014 flytta 444 personar ut av kommunen og 561 personar inn. Dette er høvesvis 5,9% og 7,4% av folketalet pr. 1.1.2014. Vi kan såleis seie av vi har ein stor sirkulasjon på innbyggjarane i Meland kommune, der vi skiftar ut meir enn kvar 20. innbyggjar i året. Tala er omtrent som året før.

3.2 Folkevekst i Meland kommune samanlikna med andre kommunar

Tabellen under viser at Meland kommune er nr 2 i Norge når det gjelder gjennomsnittlig folkevekst dei siste 5 åra, etter Rennesøy kommune.

Kommunar med størst gj.snittleg vekst i folketal siste 5 år (2009-2014)							
Nr	Kommune	2009	2014	Sum endr 09-14	Endr % 13-14	Sum endr % 09-14	Gj.snitt pr år
1	1142 Rennesøy	4 035	4 794	759	0,82 %	18,81 %	3,76 %
2	1256 Meland	6 631	7 736	1 105	2,55 %	16,66 %	3,33 %
3	1657 Skaun	6 626	7 668	1 042	3,73 %	15,73 %	3,15 %
4	0235 Ullensaker	29 088	33 310	4 222	2,69 %	14,51 %	2,90 %
5	1243 Os (Hord.)	16 684	19 097	2 413	2,24 %	14,46 %	2,89 %
6	0137 Våler (Østf.)	4 472	5 100	628	2,45 %	14,04 %	2,81 %
7	1121 Time	16 077	18 306	2 229	2,29 %	13,86 %	2,77 %
8	1102 Sandnes	64 671	73 624	8 953	2,40 %	13,84 %	2,77 %
9	1122 Gjesdal	10 208	11 600	1 392	2,50 %	13,64 %	2,73 %
10	0211 Vestby	14 373	16 310	1 937	2,30 %	13,48 %	2,70 %

Ser vi isolert på folkeveksten i 2014 er Meland nr 11 i Norge og nr 2 i Hordaland. Se tabellen under for vekst i utvalde kommunar i Hordaland i 2014.

Nr i Norge	Nr i Hord.	Kommune	2013	2014	Endr 13-14	Endr % 13-14	Gj.snitt 09-14
8	1	1222 Fitjar	3 009	3 093	84	2,8 %	1,1 %
11	2	1256 Meland	7 544	7 736	192	2,5 %	3,3 %
19	3	1246 Fjell	23 852	24 427	575	2,4 %	2,4 %
31	4	1243 Os (Hord.)	18 678	19 097	419	2,2 %	2,9 %
32	5	1263 Lindås	15 069	15 402	333	2,2 %	1,6 %
47	6	1247 Askøy	27 346	27 858	512	1,9 %	2,3 %
107	15	1201 Bergen	271 949	275 112	3 163	1,2 %	1,4 %
147	19	1264 Austrheim	2 833	2 856	23	0,8 %	0,9 %
164	20	1253 Osterøy	7 786	7 842	56	0,7 %	1,1 %
180	21	1266 Masfjorden	1 693	1 704	11	0,6 %	0,8 %
348	30	1260 Radøy	5 039	5 014	-25	-0,5 %	0,8 %

Totalt for Norge er folkeveksten i 2014 på 1,11 % og 1,21% for Hordaland.

3.3 Kommuneplan 2014-2025

Det har i 2014 vore gjort svært mykje arbeid både administrativt og politisk i samband med utarbeiding av ny kommuneplan. Meland formannskap vedtok allereie i sak 164/2010 oppstart av rullering av kommuneplan, samfunns og arealdel.

Samfunnsdelen vart vedteke av kommunestyret i mai 2014. Formannskapet la samstundes arealdelen ut på høyring frå 01.07.2014 med frist 01.10.2014. Det har vore stor grad av medverknad med fleire folkemøter for å presentere planen for innbyggjarane i Meland. Det har i høyringsrunden kome inn mange innspel og merknader, desse er vurdert og planen er våren 2015 sendt til 2. gongs høyring.

3.4 Kommunebarometeret 2014 – førebels tal for Meland kommune

Basert på førebels rapportering av Kostra-data for 2014 publisert 16. mars 2015 utarbeider Kommunal Rapport det såkalla Kommunebarometeret der dei rangerer kommunane etter ulike økonomiske og kvalitetsmessige kriteria. Vi visar nedanfor konklusjonane for Meland kommune. Administrasjonen vil i samband med kommuneplanarbeidet våren 2015 sjølv leggje fram ein oppdatert Kostra-analyse med viktige nøkkeltal frå den kommunale drifta.

Nøkkeltal og inntektsnivå:

Barometer- år	2015- versjonen (sammenlikn- bar over tid)	Rangering korrigert inntektsnivå	Henger nøkkeltall og inntektsnivå sammen?
2015	146	275	Nøkkeltallene er klart bedre
2014	99	275	Nøkkeltallene er klart bedre
2013	122	304	Nøkkeltallene er klart bedre
2012	176	228	Nøkkeltallene er litt bedre
2011	200	227	Nøkkeltallene er omtrent som forventet
2010	214	227	Nøkkeltallene er omtrent som forventet

Det framgår at Meland kommune har klart betre nøkkeltal enn inntektsnivået skulle tilseie, og det har stort sett vore ein positiv utvikling frå 2010 til 2015 (gjeld rekneskapen for 2014). Litt dårlegare i 2015 enn 2014. Dette skuldast noko lågare netto driftsresultat og truleg litt dårlegare resultat innan Pleie- og omsorg.

Kommunen er i 2015 rangert som kommune nr 146 i landet, men skulle med vårt inntektsnivå vore rangert som nr 275.

Plassering innan kvar sektor - nasjonalt:

	Vekt (%)	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Grunnskole	20			127	111	111	119
Eldreomsorg	20	1	2	1	1	2	29
Barnevern	10	103	215	114	119	163	191
Barnehage	10	340	308	218	351	337	386
Helse	7,5	340	312	370	380	403	420
Sosial	7,5	121	151	230	218	229	198
Kultur	2,5	374	333	331	331	331	329
Økonomi	10	369	324	341	347	182	100
Kostnadsnivå	5	235	185	181	188	48	93
Miljø og ressurser	2,5	259	236	242	55	64	103
Saksbehandling	2,5			104	296	253	221
Vann, avløp og renovasjon	2,5	190	221	259	255	189	63

Vi ser at vi kjem svært godt ut på eldreomsorg, men lågt på barnehage, helse og kultur. Det vi administrativt verte arbeidd meir med denne analysen.

4 Politisk organisasjon og aktivitet i 2014

Meland kommune har for tida slik politisk organisering:

Kommunestyret: 27 medlemmer

Formannskapet: 7 medlemmer

Administrasjonsutval: 10 medlemmer (formannskapet + 3 frå arbeidstakarorganisasjonane)

Utval for levekår: 9 medlemmer

Utval for drift og utvikling: 9 medlemmer

Klagenemnda: Personidentisk med formannskapet

Valstyret: Personidentisk med formannskapet

Fellesrådet (samleutval for råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet): 8 medlemmer

Sakkunnig nemnd eigedomskatt: 3 medlemmer

I tillegg har vi kontrollutval på 5 medlemmer.

Ut over dei obligatoriske organ som går fram av kommunelova er det opp til kommunestyret å bestemme kva råd og utval dei ynskjer å ha.

Dei politiske utvala har hatt slik aktivitet i 2014:

Styre/råd/utval	Tal møte	Tal saker
Kommunestyre	8	95
Formannskap	10	106
Administrasjonsutvalet	3	14
ULK	6	60
UDU	8	114
Klagenemnda	1	2
Fellesrådet	6	53
Sakkunnig nemnd eigedomskatt	1	4
Ungdomsrådet	0	0

I tal saker er det teke med alle saker som står på sakslista inklusive orienteringssaker og godkjenning av innkalling og møtebok frå sist møte. Det er utan tvil UDU som har flest saker pr. møte; i snitt 14,25. Kommunestyret hadde i snitt 12,25 saker pr. møte. Færrast saker var det i klagenemnda som berre hadde to saker til handsaming i 2014. Formannskapet og ULK hadde om lag like mange saker i snitt Pr møte (10,6 og 10)

Som tabellen syner har det ikkje vore aktivitet i ungdomsrådet i 2014. Det er vald nytt ungdomsråd som hadde sitt første møte i 2015.

Når det gjeld møta i kontrollutvalet viser vi til eiga årsmelding for kontrollutvalet.

5 Personaltilhøve

5.1 Årsverk og tilsette

Meland kommune 2014 Årsverk og tilsette	Årsverk 31.12.14	Årsverk budsj. 2014	Avvik årsverk 2014	Årsverk 31.12.13	Endr. 13-14	Tilsette 31.12.14	Tilsette 31.12.13	Endr. 13-14
Adm. stab rådmann	14,3	13,3	1,0	11,3	3,0	16	12	4
Økonomikontor	5,6	4,0	1,6	4,0	1,6	6	4	2
Rådgjevartenesta	5,6	4,8	0,8	4,7	0,9	8	5	3
Læring og utvikling	15,1	15,5	-0,4	17,3	-2,2	18	20	-2
Grasdal skule	19,6	17,0	2,6	19,5	0,1	22	20	2
Meland Ungdomsskule	24,2	24,6	-0,4	24,5	-0,3	29	30	-1
Rosslund skule	37,1	34,2	2,9	34,8	2,3	43	38	5
Sagstad skule	43,5	42,5	1,1	41,6	1,9	51	52	-1
Vestbygd skule	23,4	23,9	-0,5	23,9	-0,5	28	29	-1
Helse	30,1	27,6	2,5	28,2	1,9	39	36	3
Sosiale tenester / NAV	8,6	8,5	0,1	8,2	0,4	10	10	-
Barnevern	7,6	7,8	-0,2	7,8	-0,2	8	8	-
Meland sjukeheim	48,8	50,6	-1,8	50,6	-1,8	84	88	-4
Meland heimeteneste	62,9	63,3	-0,4	63,2	-0,3	98	101	-3
Kultur	10,0	9,4	0,6	10,5	-0,5	19	22	-3
Plan, Utbygging og komm.teknikk (PUK)	40,1	51,0	-10,9	49,9	-9,7	41	57	-16
Sum Meland kommune	396,5	397,8	-1,3	399,7	-3,2	520	532	-12

Tabellen viser tilsette og årsverk for 2013 og 2014. Tala for 2013 er noko justert i forhold til årsmeldinga for 2013, for å få samanliknabare tal med 2014. I tabellen er teke med alle faste tilsette og vikarar som får fast månadslån. Det inneber at alle timeløna tilsette som t.d. støttekontaktar i pleie og omsorg ikkje er med i tale på tilsette eller årsverk.

Talet på tilsette pr 31.12.2014 er 520, ein reduksjon på 12 frå 2013. Dette skuldast i hovudsak at største delen av reinhaldet vart konkurranseutsett våren 2014. Reinhaldet er ein del av PUK, der vi ser ein reduksjon på 16. For dei andre tenesteområda er det mindre endringar.

Talet på årsverk pr 31.12.2014 er 396,5, ein reduksjon på 3,2 frå 31.12.2013.

5.2 Sjukefråvere og nærværarbeid

Sjukefråvere

Arbeidsmiljøutvalet sette i første møte 2014 som mål at sjukefråværet i 2014 skulle liggje på 7% eller lågare. Resultatet for 2014 kom på 6,8%, så målet vart innfridd med ein positiv margin. Sjukefråværet fordeler seg med 4,9% legemeldt fråvær over 17 dagar, 1% legemeldt opp til 16 dagar og 0,9% eigenmeldt fråvær. For kvinner låg fråværet på 7,5% og for menn 4,3%.

Alle tenesteområda leverer rapport til AMU 2 gongar årleg etter prosedyre i internkontrollsystemet.

Utvikling sjukefråvær:

2014	2013	2012	2011	2010
6,8%	8,2%	8,1%	7,0%	8,4%

Det vert jobba aktivt med å redusere sjukefråværet, og det er positivt at fråværet vart redusert med 17% frå året før.

Nærværarbeid

Arbeidet med å redusere sjukefråværet går langs to linjer. Den eine linja handlar om tenesteområde- og stabsleiarane si oppfølging av den enkelte sjukemeldte. Dette er eit svært viktig arbeid, for det er ofte relativt få personar som står for ein stor del av det samla sjukefråværet.

Den andre linja handlar om det generelle nærværarbeidet på arbeidsplassane. Viktige nærværsfaktorar er m.a. god leiing, føremålstenleg organisering, trivsel på arbeidsplassen, forståing for oppdraget, kjensla av eit meningsfylt arbeid, autonomi m.m. Desse, pluss ein del andre arbeidsmiljøfaktorar, er tema i medarbeidarundersøkinga på www.bedrekommune.no, som vart gjennomført i mai/juni. Samla resultat kom på 4,4, mot eit landssnitt på 4,6 og eit resultat i 2012 på 4,5. På bakgrunn av ein periode med iverksetjing av ny organisasjonsplan og stramme økonomiske rammer, bør resultatet kunne vurderast som tilfredsstillande, sjølv om det er ei målsetjing å minimum liggje på landssnitt.

Nærværspisen 2014

For andre gong delte kommunen i 2014 ut ein lokal nærværspis. Prisen, som er eit gåvekort på kr 5 000, pluss eit bilete av nærværlogoen til kommunen, gjekk denne gongen til Psykisk helse- og rusteneste. Prisen vart delt ut på etikksamlinga på Nordhordland Folkehøgskule 22. oktober.

IA-arbeid

Ny samarbeidsavtale vart underskriven av dei lokale partane 20.05.14. Det er utarbeidd handlingsplan for perioden 2014 – 2016. Delmål 1 i handlingsplanen omhandlar redusert sjukefråvær. Delmål 2 i planen har som fokus å hindre utstøying og fråfall frå Meland kommune som arbeidsplass og inkludere personar som har vanskar med å finne plass i arbeidslivet. Kommunen er aktiv brukar av tilskotsordninga *Førebyggings- og tilretteleggingstilskot for IA*.

Det er nedfelt i internkontrollrutine for sjukefråværsoppfølging at kommunen skal prøve å finne alternativt arbeid dersom ein arbeidstakar etter langvarig sjukefråvær og utprøving av tilretteleggingstiltak ikkje kan halde fram på eigen arbeidsplass. Med utgangspunkt i stadig sterkare krav på kompetansesida, er dette ikkje alltid like lett å få til. Kommunen har i 2014 hatt fleire praksiskandidatar/arbeid med bistand frå NAV, - både innan tenestyting og administrative funksjonar.

Det siste delmålet er knytt til yrkesaktivitet ut over mogleg avgangstidspunkt. Eit viktig tiltak er då dei årlege interkommunale seniorsamlingane, der arbeidslinja kjem tydeleg fram i opplegget. På samlinga i januar 2014 deltok i alt 14 seniorar/ 60-åringar frå Meland.

5.3 Personalarbeid og organisasjonsutvikling

2014 er andre året med ei særskilt HR-gruppe som del av adm. stab rådmann. Gruppen har i 2014 m.a. utarbeidd Ny arbeidsgjevarstrategi («Skodd for framtida»). Gruppen har ansvar for ulike prosessar i samband med sentralt lønsoppgjær, lokalt lønsoppgjær, administrasjon av rekrutteringsmodulen, alle

nye arbeidsavtalar og vedlikehald av gamle, informasjon til nyttilsette, bistand til tenestområdeleiarane i ulike personalspørsmål/personalsaker, kontakt mot tillitsvaldapparatet m.m. Kompetanseutviklingsplan/handlingsplanar for dei ulike tenesteområda vart samla i eige dokument. HR-gruppa er elles kontaktledd mot bedriftshelsetenesta , NAV Arbeidslivssenter (IA-arbeid) og HMS-teamet i KLP.

Det vart gjennomført to leiarsamlingar i 2014, den første som del av eit større opplegg med fokus på strategisk og målretta leiing og den andre med intervjumetodikk som tema. Det vart henta inn eksterne kurshaldarar til begge samlingane, og det vart søkt om og tildelt OU-midlar.

Kommunen deltar i det nasjonale prosjektet Saman om ein betre kommune. Hovudmål for prosjektet er å styrke kommunen sitt omdømme gjennom systematisk og langsiktig utviklingsarbeid. Det har vore 2 delprosjekt under hovudprosjektet: 1) Arbeidsgjeverstrategi – «Skodd for framtida» og 2) Etisk kompetanseheving. I 2014 vart delprosjektet på arbeidsgjeverstrategi ferdigstilt , og det vart tatt inn eit nytt delprosjekt: Utvikling av arbeidstidsordningar i sjukeheimssektoren.

Den store etikksamlinga på Nordhordland folkehøgskole 22. oktober samla i alt 86 deltakarar, - både frå politisk og administrativ organisasjon. Det var fleire innleiarar frå prosjektet på nasjonalt plan, og hovudføresarar elles var filosofane Einar Øverengen og Øyvind Kalnes. Det partssamansette perspektivet er eit sentralt aspekt ved Saman om ein betre kommune, og det at kommunestyre-representantar, tillitsvalde og leiarar møtest på ein slik felles arena, vert difor vurdert som svært nyttig.

Kommunen mottar årleg prosjektstøtte på kr 300 000 frå Kommunal- og moderniseringsdep.

5.4 Likestilling

80% av arbeidsstokken i Meland er kvinner og 20% er menn. Kvinner arbeider i større grad enn menn i reduserte stillingar, slik at om vi reknar årsverk så er 77% av årsverka arbeidid av kvinner og 23% av menn. Sjå tabellen nedanfor for detaljar. Gjennomsnittleg årsverksstørrelse pr 31.12.2014 for menn er 86,3%, opp frå 81,9% pr 31.12.2013. Tilsvarende tal for kvinner er 73,7% pr 31.12.2014, ei auke på 0,3% frå 2013.

Kjønnsfordeling og årsverk	Årsverk 31.12.14	Årsverk 31.12.13	Endring 13-14	Tilsette 31.12.14	Tilsette 31.12.13	Endring 13-14	Gj.sn. årsv. størr. 31.12.14	Gj.sn. årsv. størr. 31.12.13
Menn	91,5	86,8	4,7	106	106	-	86,3%	81,9%
Kvinner	304,9	312,8	-7,9	414	426	-12,0	73,7%	73,4%
Sum Meland kommune	396,5	399,7	-3,2	520	532	-12,0	76,2%	75,1%
Andel menn	23,1%	21,7%	1,4%	20,4%	19,9%	0,5%		
Andell kvinner	76,9%	78,3%	-1,4%	79,6%	80,1%	-0,5%		

I rådmannen si leiargruppe er det 61,5% kvinner og 38,5% menn.

Med utgangspunkt i vedtekne retningslinjer vert det jobba aktivt for å redusere omfanget av ufrivillig deltid, og det vart m.a. i 2014 gjort førebuingarbeid til eit forsøksprosjekt med årsturnus ved Meland sjukeheim (vil bli sett i verk våren 2015).

Oversyn gjennomsnittsløn fordelt på kvinner/menn:

Tenesteområde	Årsløn gjennomsnitt	
	Kvinner	Menn
PUK	460 977	446 124
Kultur	465 642	488 549
Heimetenesta	381 130	378 692
Sjukeheim	375 483	367 403
Barnevern (kun 1 mann)	428 373	541 698
NAV	443 687	429 700
Helse	503 250	723 711
Vestbygd	414 464	504 485
Sagstad	413 447	463 194
Rossland	426 326	499 154
Meland ungdomsskule	469 662	510 471
Grasdal skule	410 426	517 233
Marihøna barnehage	408 382	
Rådgevar (kun 1 mann)	553 950	677 000
Økonomi	450 034	588 600
PPT (kun 1 kvinne)	540 000	633 125
Adm.stab	445 701	

Fordeling av arbeidstakarar i kompetansegruppene og på ansiennitetsstigane i HTA (hovudtariffavtalen) kap. 4 vil slå inn for ein del av tenesteområda. I gjennomsnittsløn for kvinner under tenesteområde *Helse* finn ein eit stort spekter av stillingskodar, - både kommunelege, helsesekretær, jordmor, helsesøster, psykiatrisk sjukepleiar, fysioterapeut, ergoterapeut m.m. I snittet for menn er det derimot svært få stillingskodar representerte, og lønsplassering for kommunelegane slår då langt sterkare ut.

5.5 Etikk

Meland kommune har hatt Etiske retningslinjer sidan 2008 (vedtatt i kommunestyret). Kommunen deltar i det nasjonale prosjektet Samarbeid om etisk kompetanseheving 2012 – 2015. I 2014 var hovudtema brukarmedverknad og etikk, vidareføring av etisk refleksjon som metode i dagleg verksemd/tenesteyting og rekruttering av nye etikk-kontaktar.

Sjølv om dette prosjektet har utspring i helse- og omsorgssektoren er målsetjinga i Meland at alle tenesteområda etter kvart skal involverast i prosjektet. Det er så langt oppretta 21 etikk-kontaktar. Det vart 30.04.14 gjennomført dagseminar for folkevalde og leiarar med tema habilitet. Etikk-samlinga 22.oktober på Nordhordland Folkehøgskule var breitt lagt opp, med deltaking frå kommunestyret, tenesteområdeleiarar, tillitsvalde og verneombod, sjå også informasjon om Saman ein betre kommune.

6 Andre tilhøve

6.1 Internkontroll

Kommunen er i ein mellomfase, der det gamle manuelle IK-systemet er i ferd med å bli fasa ut, for å bli erstatta av den elektroniske IK-modulen i KF Kvalitet. I eksisterande system er det i hovudsak helse, miljø og tryggleik som har vore tema for internkontroll, i tillegg til at det vert registrert avvik innan pleie og omsorg. Den nye modulen tar opp i seg både HMT og tenesteutøving for alle område. Det har tatt mykje lengre tid enn forventa å få det nye systemet på plass. Dette har dels årsak i datatekniske problemstillingar og dels i litt manglande bidrag/leveransar frå nokre av tenestemråda.

Avvikshandteringa innan HMT har såleis i 2014 vore gjort i det manuelle systemet. Det er registrert 57 avviksrapportar i 2014, eit tal som ligg noko høgare enn tidlegare år. Dei fleste avvika handlar om utagerande åtferd frå elevar og andre tenestemottakarar.

Kommunen meldte seg i 2014 inn i KS sitt effektiviseringsnettverk som har hovudfokus på internkontroll. I første omgang er det økonomisk internkontroll som har fått prioritet i det lokale arbeidet.

6.2 Beredskap

Kommunestyret vedtok i møtet 19.02.14 overordna ROS-analyse for Meland kommune. Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte øving Lyneld 05.09.14. Dette var ei varslingsøving – i tillegg til ei nytteverdiundersøking av ulike beredskapsvarsel som kommunane mottar. Kommunen hadde deltakarar på beredskapssamlinga på Voss i november i regi av fylkesmannen. Tema på denne samlinga var atomberedskap, og det vart i etterkant av samlinga sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal utarbeide framlegg til plan for det kommunale atomberedskapsarbeidet. I 2014 tok kommunen i bruk system for befolkningsvarsel (UMS Population Alert System), som er eit kartbasert verktøy for varsling av befolkninga via mobiltelefon.

Varslingsliste for kommunal kriseleiing (KKL) vart revidert.

6.3 Interkommunalt samarbeid

Meland kommune samarbeider tett med nabokommunane på ei rekkje område. Vi har i 2014 følgjande område der vi har sett vekk tenesteproduksjon til interkommunale samarbeid eller interkommunale verksemder, med ein sum utgift på kr 19,9 mill.

Meland kommune sin del av kostnader i interkommunale tiltak

Tal i 1 000 kr

Namn:	Verts-kommune	Samarb.-form	2014	2013
Driftsassistansen i Hordaland - vann og avløp (DIHVA)	-	IKS	34	24
Interkommunal Innkjøpsordning	Bergen	avtale	87	87
Interkommunalt arkiv i Hordaland	-	IKS	257	194
Krisesenteret for Bergen og Omegn	Bergen	avtale	279	266
Lindås og Meland Brannvern	Lindås	KL § 28 b	5 199	5 104
Lindås og Meland Brannvern - Feietenesta	Lindås	KL § 28 b	840	854
Nordh. Gulen Interk. Branntilsyn (NGIB)	Lindås	KL § 28 b	548	522
Nordhordl. Gulen Interk. byggetilsyn (NGIT)	Lindås	KL § 28 b	133	18
Nordhordl. Gulen Interk. Renh.v. (NGIR)	-	IKS	799	801
Nordhordland digital (ND)	Radøy	KL § 27	146	170
Nordhordland IKT - drift	Osterøy	KL § 28 b	3 697	2 673
Nordhordland IKT - ført i investeringsrekneskapen	Osterøy	KL § 28 b	570	2 172
Nordhordland interk. legevaktssentral /ØH-D senger	Lindås	KL § 28 b	3 370	2 720
Nordhordland interkommunale legevakt døgnstilbod	Lindås	KL § 28 b	684	441
Nordhordland Kemnerkontor	Lindås	KL § 28 b	1 134	989
Nordhordland Kursregion	Lindås	Organ	65	55
Nordhordland Revisjon IKS	-	IKS	837	813
Regionrådet for Nordhordland	-	avtale	842	804
Teknisk hygienisk ingeniør	Lindås	avtale	184	175
Ungdomskontakten Salto	Lindås	avtale	194	193
Sum kostnad interkommunalt samarbeid			19 901	19 072

Dei fleste av desse er Vertskommunesamarbeid etter Kommunelovens § 27 eller § 28, medan nokre er IKS - Interkommunale Selskap - etter eigen særlov. Det er også nokre avtalebaserte samarbeid som ikkje er direkte relatert til vilkår i kommunelova. Eit IKS legg fram sjølvstendige rekneskap som ikkje inngår i kommunen sitt drifts- og investeringsrekneskap. Dei andre samarbeidstiltaka vil inngå i vertskommunen sitt rekneskap.

6.4 Barnehagesektoren



Generelt

Meland kommune hadde full barnehagedekning i 2014. Førskulelærardekninga var på 99 %. Statlege krav for kvalitetsheving vert sikra med kompetansehevingsplanar. Det er gjeve tilbod om kurs til personalet i alle barnehagane. Kommunen har ført tilsyn med alle barnehagane. Utfordringa i sektoren i 2014 har handla om den økonomiske tilskotsordninga med satsane for drifts- og kapitaltilskot.

Økonomi

Rekneskapen for 2014 viser eit forbruk på kr 75,4 mill til tenesten barnehagar, som inneheld tilskot til private barnhagar, rådmann sin rådgjevarfunksjon ovanfor barnehagesektoren og diverse andre aktivitetar innan sektoren. Avviket i forhold til revidert budsjett vart kr 4,6 mill. Av totalsummen var kr 69,3 mill drifts- og kapitaltilskot til private barnehagar, som er kr 2,8 mill meir enn i rev. budsjett. Dei private barnehagane fekk og løyvd eit ekstra ordinært tilskot på kr 3,1 mill. Dette var inkludert i rev. budsjett. Tilskotet var i 2013 svært lågt, men ein auke i tilskotssatsane frå 2013 til 2014 på nær 20% gjer driftssituasjonen betre for dei private barnehagane. Sjølv om tilskotet har vore lågt, har likevel Meland kommune fullt ut følgd krava i Forskrift om likeverdig behandling.

Tilskotssatsane for 2015 skal baserast på rekneskapen i den kommunale barnehagen for 2013, og vil difor gå ned i forhold til 2014. Kommunen kompenserer for dette ved å gå over til å nytte statens satsar for kapitaltilskotet frå og med 2015. I tillegg er det i budsjettet for 2015 løyvd kr 5 mill ekstra ut over dei ordinære satsane.

Born i og frå andre kommunar

Hausten 2014 var det 25 born frå Meland som hadde barnehageplass i andre kommunar. På same tid gjekk 23 born frå andre kommunar i barnehagar i Meland. Meland kommune må betale for born busett i Meland som har barnehageplass i andre kommunar, og kan krevje refusjon for dei som går i barnehagar i Meland, men som ikkje bur i kommunen. Meland kommune har tidlegare hatt ein stor netto kostnad på dette området, men balansen er betra etter kvart som barnehagedekninga er vorte

betre i Meland kommune. Vi må likevel rekne med at vi kvart år må betale til andre kommunar og fakturere andre kommunar årleg for relativt mange barn, fordi vi har så stor inn og utflytting av kommunen, jfr. tabellen i pkt 3.1 om netto inn- og utflytting. Foreldre med born som flytter til Meland frå t.d. Bergen, beheld gjerne barnehageplassen i Bergen ein viss periode før dei får plass eller vel å flytte barnet over til barnehage i Meland, og Meland kommune må då betale for plassen i Bergen i denne mellomperioden.

Grunna den store inn- og utflyttinga er det og vanskeleg å berekne storleiken på kva vi skal betale til andre kommunar. Rekneskapan for 2014 viser eit avvik på kr på kr 1,9 mill i netto refusjonar til og frå andre kommunar vedr. born som hadde barnehageplass i annan kommune enn den dei bur i. For Meland gjeld dette Bergen og Lindås kommunar. Avviket vart rapportert seint, og det vil verte arbeid for å få etablert betre rapporteringsrutinar.

Fakta om sektoren

I desember 2014 hadde Meland 8 private og ein kommunal barnehage. Dalemarka familiebarnehage vart lagt ned etter 18 års drift. Kapasiteten i sektoren vart likevel ikkje redusert ettersom Drømmehagen starta opp med ny avdeling hausten 2014. Det var 597 born som hadde plass per 15.12.14, og alle barn som hadde rett til barnehageplass fekk tilbod. Om lag 90 % av alle førskuleborn i Meland går i barnehage og 95,8 % av desse har heildagsplass.

Sektoren sysselset 186 tilsette, noko som utgjer 165 årsverk. Alle styrarane har førskulelærarutdanning, og barnehagelærardekninga, som utgjer 56 personar, er på 99%. Av 79 assistentar har berre 10 fagarbeidarutdanning, noko som er eit lågt tal. Det vert arbeida for å auke talet på fagarbeidarar gjennom *Glød satsing* frå Fylkesmannen. Meland kommune hadde i 2014 tre menn som var tilsett i barnehagane, ein barnehagelærer og to assistentar. Dette er det same talet som i 2013.

Tilskot til born med nedsett funksjonsevne i høve til opplæringslova §5/7

I 2014 fekk 15 born i Meland vedtak etter Opplæringslova. Det vart gjort vedtak på 1753 spesialpedagogiske timar. Det vart gjeve 2475 årstimar med spesialpedagogisk assistentstøtte. I tillegg vart fekk barnehagane totalt tildelt kr 970.465,- til støtte i barnegruppa; dette med heimel i barnehageloven.

Minoritetsspråklege barn

I 2013 var det registrert 37 minoritetsspråklege born i barnehagane, mens i 2014 gjekk talet ned til 31. Årsaka til dette veit ein ikkje. Fleirspråklege born krev meir arbeid med språk og kultur. Barnehagane fekk kr 80.111,- utbetalt til arbeid med minoritetsspråklege born i 2014. I tillegg vart det gjeve rettleiing frå pedagogisk fagsenter til barnehagane.

Kompetanseplanar /kostnadar /kvalitetsarbeid

Meland kommune har laga eigen felles kompetanseplan for alle barnehagane, både dei private og den kommunale. Dette er eit krav for å kunne søkje om statlege kompetansmidlar. I 2014 fekk Meland kommune tildelt statlege kompetansmidlar på kr 91 159 frå Fylkesmannen i Hordaland. Planen byggjar på den nasjonale opplæringsplanen for barnehagar, og er fletta inn i felles strategi for kvalitet og kompetanseheving i Nordhordland. Det har vore organisert interkommunale kurs i høve til kompetanseplanen i regi av Nordhordland kursregion, der alle bortsett frå eitt var dagskurs.

Etterutdanning for styrarar og barnehagelærarar i barnehagane

Nordhordland kursregion, ved den barnehagefaglege arbeidsgruppa , har sett i gang ei kursrekke der målgruppa er både styrarar og pedagogiske leiarar. Bakgrunnen for dette er at begge desse gruppene vert sterkt prioriterte i «Kompetanse for framtidens barnehage - Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020»og fordi dei kommunale barnehageplanane prioriterer same målgruppe. Kursrekke vil gå over 3 kalenderår 2014-2016 og vart i desember 2014 starta opp med eit orienteringsmøte for alle styrarane i regionen. Frå Meland er det påmeldt 45 deltakare frå dei ulike barnehagane.

Manifest mot mobbing i barnehagen

Barnehagane i Meland kommune skreiv under manifest mot mobbing i 2013 og har såleis forplikta seg nasjonalt til å arbeide systematisk med dette. I desember vart 2014 dette markert med ei vennskapsutstilling i resepsjonen på rådhuset. Alle barnehagane fekk utdelt diplom for arbeidet. Dette arbeidet vert vidareført og vil verte evaluert og rapportert til kommunen. Målet er å dokumentere eit systematisk arbeid i heile sektoren.

Tilsyn

I samsvar med vedteken plan for tilsyn har i Meland kommune ført tilsyn i alle barnehagane i 2014.

- Stadleg tilsyn: Tema for tilsynet var Barnehagelova, Rammeplanen kap. 4 «Planlegging, dokumentasjon og vurdering.» Det vart ikkje avdekket nokon lovbrøt under dette tilsynet.
- Papirtilsyn: Tilsyn med bemanning og godkjenning av alle barnehagane jf. årsmeldinga 15.12.14. Papirtilsynet avdekket ikkje ulovlege tilhøve.
- Uanmeldt tilsyn. Meland kommune hadde ikkje uanmeldte tilsyn etter Lov om Barnehage i 2014.
- Risikovurdering ligg til grunn for avgjerse om tilsyn.

Leiarsamarbeid

- Styrarsamlingane er felles fora for alle styrarane i kommunen. Kommunen gir her informasjon og utøver rettleiingsplikta si i høve Lov om barnehagar. I 2014 var det 10 slike samlingar.

Samarbeid med andre

Meland kommune har etablert ei ordning med helseteam i barnehagane. Ved evaluering våren 2014 vart det semje om endring av helseteama. Frå å ha tre team to gongar per år, er det helseteam i kvar barnehage, to gongar per år. Hausten 2014 vart den nye organiseringa starta. Både barnehagane og den tverrfaglege gruppa som er med (PPT, barnevern, helsestasjon) meldte til barnehagefagleg rådgjevar at denne ordninga var svært vellukka. Målet om nærleik til praksis og borna vert opplevd sterkt av alle. Fokus har vore på borna si helse og velferd samt risikoborn.

For kommunen krev dette meir av faginstansane, og det er krevjande med tanke på bemanninga i Meland kommune. Ordninga vert evaluert i løpet av 2015. I samarbeidet med PPT (Pedagogisk Psykologisk Teneste) har det vore fokus på tidleg identifisering og tidleg iverksetting av tiltak generelt, og særleg når det gjeld samspelsvanskar. Det er og gjennomført eit ICDP-kurs (International Child Development Programme) for barnehagepersonalet.

Oppsummering

Meland kommune har:

- full barnehagedekning slik barnehagelova krev.
- arrangert kurs og kompetanseheving for sektoren i tråd med nasjonale føringar.
- hatt tilsyn i alle barnehagane i kommunen 2014.
- hatt dialog og møte med private barnehagar om driftstilskota. Det vart gitt ekstraløyving til alle barnehagane i 2014.
- 99 % førskulelærardekning.
- arbeid tverrfagleg og systematisk med aktuelle tema for å sikra kvaliteten i barnehagane.

Utfordringar vidare

- arbeide for å få ferdig plan for kapasitet og utbygging.
- ferdigstille kvalitetsdel i barnehageplanen.
- tilpasse administrative arbeidsoppgåver og forvaltningsoppgåver til endringar i endringar i barnehagelova.
- fokus på å stimulere til fagarbeidarutdanning i sektoren og på å rekruttere menn til å arbeide i barnehagane.

Lærlingar på barne- og ungdomsarbeidarfaget

Meland hadde i 2014 to lærlingar i barne og ungdomsarbeidarfaget. Lærlingane rullerer på praksis først eit år i kommunal barnehage, og deretter eit år på barneskule før fagprøve vert avlagt. Målet er å få fleire fagarbeidarar og gjennom det sikra kvaliteten i barnehage og skule. Kostnaden for to lærlingar, begge i 100% stilling i 2014 var på om lag 200 000 kr.

6.5 Private skular i Meland kommune

I Meland kommune vart det i skuleåret 2012-13 etablert ein privat skule, Danielsen ungdomsskule på Frekhaug. I planskildringa tek skulen sikte på å ha plass til ni klassar (tre parallellar på kvart trinn), maksimalt 270 elevar. Skuleåret 2014-15 har skulen totalt 131 elevar (5 klassar). Dei har to parallellar på kvart trinn utanom 10. trinn som berre har ein klasse. Skulen hadde per 1. okt. 2014 59 elevar busett i Meland kommune, litt under halvparten av samla elevtal ved skulen.

Det private skuletilbodet i kommunen har ført til ein auke i tall på elevar busett i Meland som er registrert i privat skule. Per 1. okt. 2014 har Meland kommune 1135 elevar registrert i grunnskulealder. Av desse er det registrert totalt 87 elevar i private skular frå Meland. Elevane er fordelt på tre ulike private skular i tre ulike kommunar.

	Barneskule	Ungdomsskule
Offentlig	782	266
Prosentdel	98,5 %	78,0 %
Privat	12	75
Prosentdel	1,5 %	22,0 %
Sum	794	341

Tabellen over viser oversikt over fordeling mellom offentlig og privat skule på både barnetrinnet og ungdomstrinnet. På barnetrinnet går 1,5% av elevane busett i Meland på privat skule, medan det på ungdomstrinnet er 22%, nesten er ein fjerdedel av elevane.

Meland kommune sitt ansvar når det gjeld private skular er mellom anna:

- Spesialundervisning: Heimkommunen til eleven sørger for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering, gjer vedtak om spesialundervisning og dekkjer utgiftene til slik opplæring (Lov om private skular med rett til statstilskot § 3-6)
- Eksamen: kommunen har ansvaret for trekking av fag og elevar til sentral- og lokalgitt eksamen for privatskular i kommunen, jf. forskrift til privatskolelova § 3-26,

Kommunen har i 2014 ikkje hatt konkrete samarbeidsprosjekt med private skular. Når det gjeld spesialundervisning deltek Danielsen ungdomsskule i kommunen sitt nettverksarbeid. Når det gjeld eksamen vert privatskulen invitert på felles kurs i regionen.

6.6 Grunnskulen i Meland

Alle born i aldersgruppa 6-15 år har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Det er utarbeidd eit omfattande rammeverk for grunnskuleundervisninga. Opplæringa skal vera i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og læreplan (Kunnskapsløftet). Prinsippet om tilpassa opplæring er ein av grunnpilarane i norsk skule. Det er viktig at opplæringa generelt vert tilpassa slik at elevane får eit godt utbytte, ikkje berre knytt til dei mål som læreplanen gjev, men og knytt til elevane sine individuelle og ulike føresetnader. Born som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet i skulen, har rett til spesialundervisning.

I 2010-2011 kom det ei ny stortingsmelding om ungdomstrinnet – ”Motivasjon – Mestring - Muligheter”. Denne har som siktemål å gjera opplæringa meir praktisk og variert og med det meir motiverande og relevant for elevane. Eit ledd i dette arbeidet var innføring av valfag for 8.trinn frå hausten 2012 med vidare utviding til 8. og 9. trinn hausten 2013 og for alle elevar på 8.-10. trinn frå hausten 2014.

Tal på elevar (Kjelde: Udir)	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015
Talet på elevar samla	1 004	1 035	1 034	1 013	1 047
Grasdalen skule	82	99	102	100	116
Sagstad skule	315	327	324	337	360
Vestbygd skule	169	164	178	175	180
Rosland skule	286	278	265	245	237
Meland ungdomsskule	152	167	165	156	154

Tabellen viser tal på elevar dei siste fem åra samla for kommunen, og for skulane kvar for seg. Den største auken i elevtal frå 2013-14 til 2014-15 er på Sagstad skule og Grasdalen skule.

Skulefritidstilbod (SFO)

Skulefritidsordninga skal gje elevane i 1. – 4. trinn eit trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Born med særlege behov kan delta i ordninga til og med 7. trinn. Tilbodet følgjer ordinær skulerute.

Skulestruktur

Rapport om skulestruktur vart lagt fram for politisk handsaming i november 2014. Kommunestyret vedtok alternativ 1 som vart tilrådd. Alternativ 1 medfører inga endring i eksisterande skulestruktur. Ved å byggje på Sagstad og Grasdal skule sikrar kommunen at desse skulane har nok kapasitet i næraste framtid. For Sagstad sin del vart det tilrådd at skulen ikkje vart bygd på utover det alternativ 1 skisserer. Årsaka er at skulen vil kunne få en kapasitet som overstig norma på 450 elevar. Det vil vere vanskeleg å byggje skulen formålstenleg utover denne storleiken. Nye skular kan i mykje større grad byggast på ein måte som gjer det mogleg å romme fleire elevar.

Tilsyn

Fylkesmannen i Hordaland opna 08.07.14 tilsyn med Meland ungdomsskule der tema for tilsynet var «Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa». Det overordna målet med tilsynet var å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa. Det var ikkje funne lovbrøt knytt den ordinære delen av opplæringa. Fylkesmannen konstaterte lovbrøt på tre punkt. Det første var knytt til samsvar mellom individuelle opplæringsplanar (IOP) og enkeltvedtak etter §§ 5-1 og 5-5 i opplæringslova. Dei to andre var knytt til særskilt språkopplæring. Kommunen har innan fristen sendt inn erklæring på korleis lovbrota er retta. Fylkesmannen har vurdert at lovbrøt er retta og tilsynet er formelt lukka.

Kompetanse

Skuleeigar har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i skulen. Skuleeigar skal også ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgde med utviklinga i skulen og samfunnet (Opplæringslova § 10-8). Kompetanseutviklingstiltak i Meland skal auke det samla kompetansenivået til lærarar og skuleleiarar i kommunen, både i form av vidareutdanning, etterutdanning og faglege nettverk. Prioritering av kompetansetiltak skal vere i tråd med nye kompetansekrav (nasjonalt), lokale satsingsområde og skulane sine behov. I 2014-15 har kommunen fem lærarar på vidareutdanning med faga matematikk og naturfag. Fire av lærarane har valt stipendordning og ein har valt vikarordning.

Skuleeigarskap og tilstandsrapport

Som ein del av skuleeigar sitt oppfølgingsansvar skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa (opplæringslova §13-10). Tilstandsrapporten skal syne lokale mål, resultat og vegen vidare på sentrale område innafor utvikling av kvalitet i grunnskulen i Meland.

Tilstandsrapporten for 2014-15 vil bli lagt fram for drøfting i Utval for levekår og Kommunestyret i løpet av 2015. Tabellane under presenterar utvalte resultat som kan gi nokre indikatorar på elevane sitt læringsutbytte samla for kommunen.

Læringsresultat

Grunnskolepoeng er gjennomsnitt frå alle avsluttande karakterar som vert førte på vitnemålet. Tabellen under viser gjennomsnittleg grunnskolepoeng.

Grunnskulepoeng (Kjelde: Udir)	2009-2010	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014
Meland kommune	42,4	42,4	41,3	42,8	43,4
Meland ungdomsskule	43,1	41,6	41,7	44,3	44,5
Rosslund skule	41,5	43,0	40,8	41,2	42,2
Hordaland fylke	40,7	40,4	40,7	40,3	40,9
Nasjonalt	39,9	39,9	40,0	40,1	40,4

Meland kommune har jamt over dei siste åra lagt over nivå for fylket og nasjonalt nivå. Begge ungdomsskulane hadde resultat over snittet for Hordaland og nasjonalt nivå skuleåret 2013-14; Rosslund skule låg på 42,2 og Meland ungdomsskule på 44,5.

Nasjonale prøver i lesing og i rekning skal kartleggje i kva for ein grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og rekning, slik dei er integrert i kompetansemål i læreplaner for fag i Kunnskapsløftet (LK06). Frå og med 2014 blir resultatane frå nasjonale prøvar presenterte på ein ny skala. Den nye skalaen har 50 skalapoeng som gjennomsnitt. Den vil gjere det mogleg å samanlikne resultatane mellom år frå og med hausten 2015

Nasjonale prøver 5. trinn 2014 (Kjelde: Udir)	Meland kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Engelsk	49	49	50
Lesing	48	50	50
Rekning	49	50	50

Tabellen over viser resultat frå nasjonale prøver 5. trinn. Ein kjem ut med best resultat i *engelsk* og svakast for *lesing* samanlikna med Hordaland fylke og nasjonalt nivå, skuleåret 2014-15.

Nasjonale prøver ungdomstrinn 2014 (Kjelde: Udir)	Trinn 8	Trinn 9
Meland kommune – Engelsk	48	
Hordaland fylke – Engelsk	49	
Nasjonalt – Engelsk	50	
Meland kommune – Lesing	49	53
Hordaland fylke – Lesing	49	53
Nasjonalt – Lesing	50	54
Meland kommune – Rekning	49	52
Hordaland fylke – Rekning	49	53
Nasjonalt – Rekning	50	53

Tabellen over viser resultat frå nasjonale prøver 8. og 9. trinn fordelt på faga engelsk, lesing og rekning. Når det gjeld *lesing* ligg 8. trinn og 9. trinn på nivå med fylket. Når det gjeld *rekning* ligg 8. trinn på nivå med fylket, mens 9. trinn ligg under. Når det gjeld *engelsk* ligg 8. trinn under nivå for fylket. Alle skulane har lesing som satsingsområde. Alle skulane arbeidar med førebuing og

etterarbeid til nasjonale prøver. Barnetrinna i Meland har planer om å innføre leseprogrammet «Leselos» i 2015/16.

Meland kommune deltek i [«Ungdomstrinnsatsinga»](#) (UIU) pulje 2 frå hausten 2014. I arbeidet med å variere arbeidsmåtar på ungdomstrinnet er klasseleiing, rekning, lesing og skrivning prioriterte område for UIU. Ungdomsskulane i Meland har valt *lesing* som prioritert område. Sentrale tiltak i satsinga er skulebasert kompetanseutvikling, bistand og tilrettelegging for lokalt utviklingsarbeid, utvikling og skildring av god undervisning i lesing og nettverk for erfaringsdeling. Skulane og kommunen får bistand frå høgskulesystemet (NLA), utviklingsrettleiarar og ressursar til å engasjere lokale ressurslærarar.

Læringsmiljø

Etter opplæringslova kap. 9a har alle elevar rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Systematisk og langsiktig arbeid med læringsmiljøet er viktig for å førebyggja og handtera mobbing. Meland kommune har underskrive «Lokalt mobbemanifest». Alle skulane er blitt Zero- skular.

Prosjektperioden for «Betre læringsmiljø» vart avslutta i 2014.

Felles mål for alle skulane i prosjektet var:

1. Auka læringsutbyte til elevane
2. Alle tilsette på skulane skal framstå som tydelege vaksne
3. Felles bruk og handheving av reglar på kvar skule
4. Betra observasjon og handlingskompetanse hos dei tilsette
5. Aktiv bruk av felles årshjul og system for å vidareutvikle gjeldande praksis
6. Nyttar aktivt anti-mobbeprogram, Zero eller Olweus.

Den største gevinsten med prosjektet er at det har vore samlande for alle skulane. Prosjektet har også hatt eit tverrfagleg fokus. Felles tiltak for skulane som eit resultat av prosjektet er aktiv bruk av anti-mobbeprogrammet Zero på alle skulane, oppfølging av elevar med høgt fråvær er betra, bruk av «Trivselsprogrammet», utvikling av felles forståing og fagspråk knytt til klasseleiing og relasjonsbygging.

Skoleporten (UDIR) presenterer data om læringsmiljø henta frå Elevundersøkinga som gjennomførast om hausten. Elevundersøkinga blei revidert før gjennomføringa hausten 2013. Resultata frå 2007-2012 kan difor ikkje samanliknas med resultata frå skuleåret 2013-2014 og seinare. Resultat frå hausten 2014 vert ikkje publisert i skoleporten før midten av mars og vert difor seinare presentert i tilstandsrapporten.

6.7 Meland kyrkje

2014 var eit år utan dei store hendingane i kyrkja i Meland sokn. Kyrkjelyden har 8 tilsette tilsaman. Soknepresten har bispedømet som arbeidsgivar. 5,1 årsverk er løna av soknet, ein del av innsamla midlar, men mesteparten er kommunalt tilskot, som i 2014 var på kr 2.839.000,-. Kyrkjelyden har elles ca 200 frivillige medarbeidarar.

I tillegg til tilskotet yter kommunen diverse administrative tenester, mellom anna kontorplass, samt at kyrkjegardsdrifta er ein del av kommunerekneskapen, bokført kr 753.000,- i 2014.

Etter at kyrkja flytta ut av rådhuset hausten 2014 vart tilskotet auka med kring 380.000,- for å dekke kyrkja sine eksterne leigekostnader.

Det har frå kyrkja si side vore arbeid mykje med planlegging av ny kyrkje på Frekhaug, som eit kombinasjonsbygg med kulturhus. Det var difor viktig for kyrkja når områdeplanen for Frekhaug vart ferdig og tomte kjøp avsett på kommunebudsjettet for 2015. Kyrkja opplever at ordninga med tenesteytingar har fungert svært godt også i 2014, det same gjeld samarbeidet i kyrkjegardsdrifta. Vår oppfatning er at publikum er godt nøgd med vedlikehaldet og drifta på kyrkjegarden. Samarbeidsklima er i det heile godt mellom kyrkje og kommune i Meland.

7 Kommenterar til drift/resultat for tenesteområda i 2014 og utsiktene framover

Rådmann i Meland kommune har delegert fullmakt til å fordele utgiftsrammer på dei ulike tenesteområda som den kommunale drifta er organisert i. Tabellen i pkt 2.5 på side 8 er gjengitt på nytt her som grunnlag for avvikskommenterar under kvart tenesteområde i den etterfølgjande teksten.

Meland kommune 2014

Netto utgiftsramme delegert til rådmann fordelt administrativt på Tenesteområda:

tal i heile 1 000 kr

Tenesteområde	Regnsk. 2014	Budsj. 2014 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2013	Auke 13-14	Auke 13-14 i %
Adm. stab rådmann og politiske utval	14 602	14 824	222	1,5 %	13 481	1 121	8,3 %
Økonomikontor	8 078	8 148	70	0,9 %	6 807	1 271	18,7 %
Interkommunalt samarbeid: IKT	6 691	6 800	109	1,6 %	5 512	1 179	21,4 %
Interkommunalt samarbeid: Brannvern	5 804	5 900	96	1,6 %	5 625	179	3,2 %
Rådgiveartenesta	9 189	9 274	85	0,9 %	8 425	764	9,1 %
Private barnehagar (tilskot og adm.)	75 398	70 819	-4 579	-6,5 %	52 292	23 106	44,2 %
Læring og utvikling	10 724	11 213	489	4,4 %	12 189	-1 465	-12,0 %
Grasdalen skule	9 643	9 729	86	0,9 %	9 373	270	2,9 %
Meland Ungdomsskule	14 912	16 264	1 352	8,3 %	15 687	-775	-4,9 %
Rosslan skule	21 728	21 581	-147	-0,7 %	21 240	488	2,3 %
Sagstad skule	23 915	24 388	473	1,9 %	23 281	634	2,7 %
Vestbygd skule	13 640	13 529	-111	-0,8 %	13 330	310	2,3 %
Helse	28 793	29 795	1 002	3,4 %	26 383	2 410	9,1 %
Sosiale tenester / NAV	12 172	13 017	845	6,5 %	10 518	1 654	15,7 %
Barnevern	7 593	9 032	1 439	15,9 %	9 683	-2 090	-21,6 %
Meland sjukeheim	32 163	33 387	1 224	3,7 %	28 963	3 200	11,0 %
Meland heimeteneste	49 982	49 306	-676	-1,4 %	45 645	4 337	9,5 %
Kultur	6 637	7 026	389	5,5 %	5 996	641	10,7 %
Plan, Utbygging og kom.teknikk (PUK)	27 808	27 650	-158	-0,6 %	23 496	4 312	18,4 %
Sum netto utgift - internt fordelt ramme frå rådmann	379 472	381 682	2 210	0,6 %	337 926	41 546	12,3 %

Interk. samarbeid - Brannvern var i 2013 bokført som del av Plan, Utbygg. og kom.tekn. (PUK), men er i oppstillinga over flytta til eige linje der det er bokført i 2014.

7.1 Adm. stab rådmann

Økonomisk resultat

Området kjem med eit overskot på kr 222.000,-. Dette skuldast m.a. at budsjetterte midlar til gruppelivsforsikringa er fordelte på ansvarsområda. Det er registrert eit mindre avvik på faste løner; dette med bakgrunn i at i sentralt og lokal lønsoppgjer ikkje er fullt ut kompensert. Avviket vert balansert mot overskot på refusjonar frå NAV/sjukepengar/fødselspengar.

Etablering av dokumententer

Nytt dokumententer opna den 28.01.2014 i samband med overgang frå papirarkiv til nytt fullelektronisk post/sak/arkivsystem, Websak Fokus. Dokumententeret er hovudmottak for all sakspost til kommunen, også ytre instansar som skular, barnehage, sjukeheim og heimeteneste. Det er også mottak for elektronisk post og skjema-mottak. Her vert dokumenta skanna og registrerte i systemet Websak Fokus og elektronisk oversendt avdelingar og saksbehandlarar for vidare elektronisk behandling. Dokumententeret har også ansvar for å kvalitetssikre utgåande dokument og saker, slik at dei vert arkiverte etter regelverk for fullelektronisk arkivet.

Det er i alt 3 årsverk knytt til dokumententeret, fordelt på 4 medarbeidarar. Ressursane til bemanning av dokumententeret vart tilført frå ulike avdelingar. Hovudansvar for kommunen si arkivteneste er framleis lagt til spesialkonsulent/arkivansvarleg. (Denne stillingsressursen ligg utanom dokumententeret.)

Informasjon

Adm. stab har ansvar for informasjonsarbeidet i kommunen. Utgangspunkt for arbeidet er vedteken informasjonsplan (kommunestyret 19.06.13), og det vart i samband med ny organisasjonsplan i 2013 oppretta ei eiga informasjonsgruppe. Heimesida og Facebook har vore vidareutvikla. Det vart gjennom året jobba med utforming og innhald i intranettet, og sidene vart lanserte 10.oktober 2014. Oppsettet er felles for alle Nordhordlandskommunane. Det er ei klar målsetjing å auke den elektroniske samhandlinga med publikum, m.a. gjennom bruk av fleire elektroniske skjema. Det vart våren 2014 utgitt ny informasjonsbrosjyre om kommunen (reklamefinansiert), både i papirutgåve og elektronisk utgåve.

Det vart våren 2014 gjennomført ny brukarundersøking i resepsjonen, rådhuset. Undersøkinga gav også denne gongen gode resultat.

Utfordringar framover

Oppgåvene til adm. stab veks i takt med folke- og aktivitetsveksten i kommunen. I nokon grad vert auka oppgåvemengde balansert mot meir effektive dataverkty, samstundes som det heile tida vert stilt større krav til dokumentasjon, større grad av elektronisk samhandling med publikum, utvikling av nye arenaer for informasjon og kommunikasjon m.m. Arbeidsmengda på dokumententeret tilseier på sikt ei noko større bemanning. Det er også stor pågang av folk som tar kontakt med - og møter fram i resepsjonen på rådhuset. For å unngå kødanning og ventetid bør bemanninga her vurderast i økonomiplansamheng. Dobbel bemanning i resepsjonen har også eit tryggleiksperspektiv, jf. eit stort tal avviksmeldingar i 2014 med bakgrunn i trugslar og utagerande åtferd frå enkelte brukarar.

7.2 Økonomikontoret

Økonomikontoret har ansvar for rekneskapsføring og rapportering, scanning av inngående faktura, koordinering av budsjett- og økonomiplan-arbeidet, lønn, sjukepengerefusjon, momsrapportering, rutinar for økonomisk internkontroll, bank og finans, låneadministrasjon, innkjøpsrutinar og oppfølging av innkjøpsavtalar (ikkje på større prosjekt og investeringar), eigedomskatt, deler av faktureringsarbeidet, purring/inkasso, samt oppfølging av IKT-drifta som er satt ut til IKTNH. I 2014 hadde kontoret i tillegg ansvar for sakshandsaming av startlån, men dette er frå 2015 overført til NAV.

Kontoret har ved utgangen av 2014 5,5 årsverk. Arbeidsoppgåvene er omfattande, og det har vore arbeid mykje overtid i 2014 for å klare å gjennomføre oppgåvene som er lagt til kontoret.

Hausten 2013 vart det inngått avtale med Lindås kommune om at dei skulle overta lønsarbeidet for Meland kommune, men avtalen ble sagt opp av Lindås etter eit halvt års drift, og vi overtok lønsarbeidet igjen frå og med august 2014, då vi tilsette ny lønskonsulent. Omlegginga av rutinar fram og tilbake har ført til mykje ekstraarbeid for kontoret.

Hausten 2014 vart kommunen med i KS nettverk i Hordaland om internkontroll og risikoanalyse. Økonomikontoret er representert i dette nettverket for å hente inspirasjon i pågåande arbeid med nye rutinar og prosedyrar for økonomisk internkontroll. Dette arbeidet fortsetter inn i 2015.

7.3 IKT og telefoni

Meland kommune har ikkje egne driftsressursar til IKT eller telefoni, all drift er satt ut til IKTNH. Økonomikontoret er ansvarleg for oppfølginga av avtalen og tenester levert av IKTNH, samt investeringsprosjekt innan IKT. Drift av IKT-system ligg til systemleverandørane. Det er superbrukarar på dei ulike fagsystema som har ansvar for oppfølging mot desse leverandørane, evt. med bistad frå IKTNH. Superbrukarar er fagpersonar rundt i organisasjonen som er brukarar av dei ulike system.

Om IKTNH

Alle IKT-driftstenester i Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal er overførte til IKTNH. IKTNH sine oppgåver og plikter vert regulerte gjennom ein tenesteleveringsavtale (TLA) og ein datahandsamaravtale med kommunane.

IKTNH er serviceleverandør av teknologiske tenester samstundes som IKTNH skal muliggjøre digital vidareutvikling innanfor dei ulike tenesteområda. IKTNH sine tenester til kommunane er inndelt slik:

- ServiceDesk
- Teknisk drift
- Prosjekt og Leveranse
- Arkitektur og Nettverk

Aktivitet i 2014 i IKTNH

Totalt er det i IKTNH 15,6 årsverk i 2014. Hovedfokuset i 2014 var å etablere gode driftsrutinar, etablere gode styringsprosesser og overvakingsverktøy som gjør at IKTNH kan ligge i forkant av brukarane. Det ble også brukt mye ressursar på å heve kompetansen til dei som har ansvar for brukarstøtte/Service Desk.

Kommunane har lenge operert med berre ein servereining, kor alle system har vært installert og kjørt. Det har gjort løysinga sårbare i forhold til risiko og sikkerhet. I 2014 vart det etablert ein ekstra

installasjon som gjer at ein kan fordele belastningene og dersom ein lokasjon fell ut så vil den andre ta over all drift. Av arbeidet som er starta opp i 2014 og som vil gå inn i 2015 så er det nokre administrative prosesser som vil bli prioritert som f. eks.:

- Sikkerhetspolicy
- Rutinar for handtering av sensitivt innhald
- Styringssystem for Informasjonssikkerhet
- ROS Analyse
- Beredskapsplanar
- Tenestekatalog
- Kompetansebygging

Det har vært ein nedgang i talet på hendingar (feil rapportert frå kommunane til IKTNH) på 11,5 % i 2014 i forhold til 2013. Det er et resultat av fleire gjennomførte prosjekt, men i all hovudsak pga. gjennomføring av eit-domene prosjektet i 2013 og etablering av en ny kopi/print løysning i 2014. Talet på saker innanfor kopi/print har blitt redusert med nesten 80 %. Hendingar vart i 2014 og løyst raskare enn i 2013, ein nedgang på 26%. Tidsbruken pr sak har gått ned med 23%.

IKT Strategigruppa

I tillegg til drifta i IKTNH er det etablert ei IKT strategigruppe med eigen driftsorganisasjon. Gruppa skal på arbeide med tenesteutvikling, digitaliseringsløysingar, vidareutvikling av bruken av eksisterande løysingar og sørge for implementering av nye løysingar. Største prosjektet i 2014 har vært implementering av E-handelsplattform i eit prosjekt som er støtte med DIFI-midlar.

Sum Kostnader IKT-samarbeidet i Nordhordland

Totalt er kostnaden til drift av IKTNH for 2014 kr 30,4 mill, fordelt på:

Drift IKTNH og drift datasenter, inkl. investeringar i servere og nettverk :	kr 19,7 mill
Programvarelisenser etc. betalt av IKTNH fordelt på kommunane:	kr 6,3 mill
Strategiarbeid og vidareutvikling av løysingar:	kr 4,4 mill
Sum	kr 30,4 mill

Av dette er Meland kommune sin del kr 4,5 mill. Av dette igjen har kommunen bokført kr 0,57 mill i investeringsrekneskapen.

7.4 Brannvern

Består av Lindås og Meland brann og redning (LMBR) og Nordhordland og Gulen Interkommunale Branntilsyn (NGIB). Meland kommune sin del av kostnaden til LMBR i 2014 er kr 5,2 mill, medan kostnaden til NGIB i 2014 har vore vel kr 0,5 mill. Fokusområde for einingane har i 2014 vore økonomistyring, arbeidsmiljø og struktur.

Lindås og Meland brann og redning (LMBR) leverer for første gang på fleire år eit rekneskapsresultat som er betre enn budsjett. Kostnadsveksten frå 2013 er på berre 1,9%, og såleis har ein lukkast med satsinga på betre økonomistyring. Branntilsynet leverer og innanfor budsjett i 2014.

Feiartenesta som er ein del av Lindås og Meland brann og redning har i 2014 gjennomført feiing og tilsyn i privat bustad etter planen som går til 2019. Operativ avdeling i Lindås og Meland brann og redning hadde i 2014 335 hendingar. Det har vært ein auke i talet på hendingar i Meland. Mannskapsbil på Lindås var involvert i ulykke og ute av drift i 6 mnd. Bilen blei reparert og satt i drift i august. Ein bygde i den forbindelse opp ei framskoten eining (mindre brann og redningsbil) med slokke anlegg, pusteluft, hjertestarter og HLR utstyr. Denne skal være stasjonert i område Frekhaug-

Flatøy-Knarvik og være ein tidlig resurs som bidrar med kort responstid og stor slagkraft i tidlig fase ved aksjoner i området.

Tenesta har elles hatt stort fokus på interne kurs for kommunane Meland og Lindås og eksterne kurs mot private aktørar. Ressursbruk pr oppdrag (tal på mannskap i aksjon) har gått ned frå 5.6 til 5.2 pr uttrykking.

NGIB (Branntilsynet) har i Meland i 2014 gjennomført tilsyn i § 13 bygg. Tilsyna har vore gjennomført etter der ein meiner risikoen er størst. Det har vore gjennomført undervisning i skulane og i nokre barnehagar etter ønskje, samt kurs og undervisning opp mot risikogrubbene, og for tilsette i kommunen.

7.5 Rådgjevartenesta, PPT og vaksenopplæringa

Det vart frå 2013 etablert felles sektorovergripande rådgjevargruppe. Arbeidet har vore vidareført i 2014 med samla fagkompetanse innan ulike fagområde - skule, barnehage, samfunnsplanlegging, helse, sosial samt pleie og omsorg.

Rådgjevarane har utført oppgåver innan ulike typar forvaltning, samt vore medaktørar og medspelarar i prosessar kring kontinuerleg arbeid med utvikling, fornying og omstilling. Dette gjeld mellom anna:

- prosess kostnadseffektiv organisering, forvaltning og tenesteutvikling.
- ulike overordna planprosessar
- saksutgreiing til politisk mynde

Meland PPT

I 2014 har PPT lagt vekt på arbeid med individualsaker, og ein har prioritert å sikre kort ventetid for nytilviste barn og unge. PPT har ved utgongen av 2014 om lag 240 aktive saker og 4 saker venter på handsaming.

Prioritering av kort ventetid for nytilviste får konsekvensar for oppfølging i aktive individualsaker, både knytt til mengde og kvalitet.

PPT har ikkje hatt tilstrekkeleg kapasitet til førebyggjande og systemretta arbeid. Dei prioriterte systemretta arbeidsoppgåvene er følgjande:

- nettverksgruppe for dei spesialpedagogiske kontaktane
- fokus på tidleg identifisering og tidleg iverksetting av tiltak generelt, og særleg når det gjeld samspelsvanskar
- ICDP (eit kurs til barnehagepersonale)
- gjennomgang av skulane sitt behov for ressursar kvart årsskifte
- deltaking i basisteam i barnehagane og helseteam på skulane
- PPT har redusert faste dagar på skulane med 50% for å frigi tid til andre prioriterte individualsaker

PPT har låg bemanning/dekningsgrad i høve til demografi (barn/unge) samanlikna med personalressursar i andre Nordhordlandskommunar.

Frå statleg mynde er det føringar/forventingar til at PP-tenesta skal dreie verksemda si mot meir systemretta arbeid - kompetanse og organisasjonsutvikling i barnehage og skule. Det er skipa ein statleg strategi for vidare- og etterutdanning av tilsette i PP-tenesta (SEVU) som skal bidra til kompetanseauke for å nå dette målet. Grunna låg kapasitet er det utfordrande for Meland PPT å imøtekoma desse forventningane og å endre sin noverande tenesteprofil på kort sikt.

Meland vaksenopplæring (VO)

Meland vaksenopplæring (VO) tilbyr undervisning til vaksne som har rett etter § 4 A-1 og § 4A-2 i Opplæringslova. VO gir tilbod til fylgjande grupper:

- Dei som har rett til grunnskuleopplæring for vaksne
- Vaksne med samansette lærevanskar, dysleksi, psykiske lidingar eller fysiske funksjonshemminga
- Vaksne med rett til realkompetansevurdering

Tabell under gir oversikt av tall på deltakara i VO over tid.

Elevar VO (kjelde: GSI)	
2014-15:	15
2013-14:	17
2012-13:	18

Meland kommune har ikkje motteke søknader om realkompetansevurdering i 2014.

VO har i 2014 ikkje kunne gjeve tilbod om logopedtenester for vaksne. Desse tenestene er anten vore vidareformidla til Helfo (Helseøkonomiforvaltninga) eller så har kommunen kjøpt tenester frå nabokommunar. I budsjettvedtak for 2015 ligg det inne ei logopedstilling for vaksne på 50 %. Kor denne stillinga skal vere organisert i kommunen er under vurdering.

Då tenesteområde «Læring og utvikling» vart avvikla i 2014 vart VO organisert under Rådmann. I 2015 ved tilsetning av ny rektor vil VO bli organisert under Meland ungdomsskule.

7.6 Marihøna barnehage

I 2014 vart det drifta ein kommunal barnehage i Meland kommune. Marihøna barnehage er ein to-avdelings barnehage, godkjent for 44 barn over 3 år. Pr. 15.12.14 hadde barnehagen 30 barn, fordelt på 21 barn over 3 år og 9 barn under 3 år. Dette utgjer 39 einingar. Årsaka til det noko reduserte barnetalet var m.a. at kommunen har god barnehagedekning og behov for auka pedagogbemanninga ved inntak av fleire barn. Det vil i 2015 bli tilsett ein ny barnehagelærer, for å gi høve til å drifte barnehagen med godkjent tal barn. Dette vil også gje auka fleksibilitet i høve til organiseringa av barnegruppene.

I 2014 var Marihøna barnehage organisert under tenesteområdet Læring og utvikling. Dette området vart sommaren 2014 lagt ned som eige tenesteområde, samstundes som det var skifte av styrar i Marihøna barnehage. Marihøna barnehage vart då definert som eit eige tenesteområde, men med ansvar for «Styrka tilbod førskule.» Dette tilbodet er sett saman av spesialpedagogar og er knytt opp mot alle barnehagane i Meland.

7.7 Grasdal skule

Kommentar til drifta

Tenesteområdet kjem ut med eit mindre overskot på kr 86 000. Det er utarbeida eit detaljert årshjul for alle tilsette - med ansvarsfordeling og konkretisering av tiltak gjennom året. Årshjulet konkretiserer også rektor sin plan for å følgje opp elevane si læring og kvalitetsvurdering av arbeidet ved skulen.

Skulen har ei aukande utfordring med problemåtfærd hos enkeltelevar. Det krev mykje merksemd og skjerpa kompetanse i personalet for å handtere dette., og det er behov for eit utstrakt samarbeid med BUP og PPT. Vi har behov for auka vaksentettleik i sfo og skuletid. Det er høgt sjukefråvær ved skulen som i hovudsak ikkje er knytt til arbeidsmiljø. Vi har arbeida med organisasjonsutvikling med støtte frå HMS-gruppa frå september 2014. Dette har resultert i ein handlingsplan med mål og tiltak.

Utviklingsarbeid ved skulen

Grasdal skule sin visjon er: Likeverd og samarbeid i eit stimulerande læringsmiljø. Vi har arbeida spesielt med klasseleing og trivsel i læringsmiljøet i prosjektet Betre læringsmiljø. Det opplever vi at lærarane har fått god kompetanse i .

Frå hausten 2014 starta skulen med kompetanseheving i personalet med nettkurs av programmet og kartleggingsverktøyet LESELOS. Det skal hjelpe oss til å kartlegge leseferdigheit i alle fag, og vektlegge læringsfremjande arbeidsmetodar og læringsstrategiar. Vi er godt i gong, og skal fortsetje arbeidet framover våren og inn i skuleåret 2015/2016.

Hausten 2014 starta vi eit arbeid for å styrke IT-kompetansen blant lærarane og elevane. Vi har tatt i bruk IKT-plan.no som er eit program til hjelp i arbeidet med å utvikle digital kompetanse som grunnleggjande ferdigheit. Det er stort behov for fleire bærbare elevpc-ar for å kunne gjennomføre digital elevaktivitet. Det er eit mål vi arbeider for å prioritere i 2015.

Utfordringar framover

Grasdal skule har stor auke i elevtal kvart skuleår, og har svært knapt med areal til undervisning, gruppeundervisning, møterom og kontor. Skulen kjem til å ha store utfordringar med romfordeling i skuleåret 2015/2016 samstundes som skuleområdet skal vera ein byggjeplass. Vi ser fram til utvikling i nye lokale frå hausten 2016.

7.8 Meland Ungdomsskule

Kommentar til drifta

Skulen driv nøkternt innanfor budsjettet. Dei gode rekneskapstala (overskot kr 1 352 000) må sjåast i samanheng med auka inntekter / refusjonar. Gode faglege resultat må sjåast i samanheng med både godt læringsmiljø og høg fagleg kompetanse hjå undervisningspersonalet.

Utviklingsarbeid ved skulen

Meland ungdomsskule har siste året særleg hatt fokus på «Ungdomstrinn i utvikling» forkorta til UIU, eit tre-årig prosjekt som for vår del varer frå 2014 til 2017. I det skulebaserte utviklingsarbeidet, som er ein del av UIU, satsar vi spesielt på lesing i alle fag.

Utfordringar framover

Om tre-fire år er det trong for betre romkapasitet ved Meland ungdomsskule. Etter dei høge elevtala i 1. klasse ved Grasdal og Sagstad skule dette skuleåret, må ein i alle fall ha plass for 3 parallellar om 6 år. Det er også stadig sterkt ønskje om gym.sal ved skulen.

7.9 Rossland skule

Kommentar til drifta

Rosland skule kjem i 2014 ut med eit meirforbruk på kr 147 000. I hovudsak er dette meirforbruk i høve til budsjett på faste løner på skule og sfo-drift. Noko av meirforbruket skuldast underbudsjettering i høve til ressurskrevjande brukarar på sfo og noko er overbudsjettering av inntekter (foreldrebetaling) på sfo.

Skulen har drive svært nøkternt i høve til tal klassar og elevar med særskilte behov.

Utviklingsarbeid ved skulen

Skulen har denne hausten starta opp med Utdanningsdirektoratet si satsing «Ungdomstrinn i Utvikling» (UiU). Dette er ei skulebasert satsing på kompetanseheving. Rossland skule har saman med Meland ungdomsskule satsa på Lesing som grunnleggjande ferdigheit som emne. Rossland er ein 1 til 10-skule, og sjølv om utviklingsarbeidet primært er meint å vera ei ungdomskulesatsing, ser vi at vi har stor nytte av å dra utviklingsarbeidet ut på alle klasstrinna.

Skulen arbeider systematisk med oppfølging av resultat frå Nasjonale Prøvar, Elevundersøkinga og grunnskulepoeng. Målet er å betra dei sosiale og faglege resultata. Rapporteringa frå Nasjonale Prøvar og Elevundersøkinga har endra seg i år, så det er vanskeleg å samanlikna med tidlegare år. Årskulla på skulen er såpass små at det å sjå einssidig til resultat frå år til år ikkje er nyttig i høve til å sjå utvikling. Enkeltprestasjonar i elevgruppa vil ha svært stor innverknad på totalresultatet. Skulen vel difor å sjå på tendensen over tid, og der det er mogeleg, samanlikna elevgrupper med resultat same elevgruppa har fått tidlegare.

Utfordringar framover

Dei økonomiske rammene til skulen er så knappe at ein ikkje har makta å styrka den tilpassa opplæringa nok til å imøtekomma det auka kravet til spesialundervisning. Målet er, og har vore, å redusera spesialundervisninga på skulen, men så lenge vi ikkje kan frigjera ressursar til å styrka den ordinære tilpassa undervisninga for å komma i forkant av oppmeldingar til PPT, kjem vi heller ikkje ut av «spesialundervisningsspiralen».

Skulen opplever at det kjem elevar flyttande til krinsen uavhengig av kor vi er i budsjettprosessar. Dersom elevane har særskilte behov, har ikkje skulen fleksibilitet til å imøtekomma desse behova før eventuelt etter neste budsjetttrunde utan at det fører til redusert tilbod for elevar som allereie går på skulen.

Skulen har, etter fleire år med svært nøktern drift, svært slitt inventar i klasseromma. Skulen vil snarleg ha behov for utskifting av pultar og stolar. Utstyr til spesialrom er det heller ikkje rom for å supplera/erstatta etter kvart som det vert slitt.

7.10 Sagstad skule

Kommentar til drifta

Sagstad skule kjem i år ut med eit overskot på kr 473 000. Dette skuldast i hovudsak auka inntekter. Vi har fått mykje meir i tilskot i samband med vidareutdanning enn det er budsjettert med, meir i sjukepengerefusjon enn det er budsjettert med og har i tillegg eit mindreforbruk på kr 398 000 på art 10200, Vikarar ved sjukdom. I tillegg har vi fått noko meir frå flyktningrekneskapen enn budsjettert. Saman med ei sein tilleggslyyving på art 14900 på kr 559 000 i samband med lønsoppgjeret og eit etterslep på føring av sjukepengerefusjonar har det blitt vanskeleg å tilpasse drifta ut frå at vi har midlar igjen. Sett frå skulen si side hadde dette vore ønskeleg.

GSI- tala viser at Sagstad skule ligg høgare på elevar pr. årsverk undervisning enn snittet i kommunen, fylket og nasjonalt. Sagstad skule har skuleåret 2014/2015 14,8 elevar pr årsverk undervisning og nasjonalt ligg dette talet på 12,3 elevar pr årsverk undervisning. For kommunen ligg talet på 12,1 elevar pr årsverk undervisning. Sagstad skule har altså 2,5 elevar meir pr årsverk undervisning enn nasjonalt snitt. Det er ikkje umogleg at dette påverkar læringsresultatet, spesielt på dei lågaste trinna. Talet på elevar pr årsverk undervisning har auka frå 13,0 elevar pr årsverk undervisning til 14,8 elevar pr årsverk dei tre siste åra.

Rekneskapen visar at skulen har eit mindreforbruk på løn i SFO. Samtidig har vi eit meirforbruk på fast løn kommunal i skulen. Dette seier noko om utviklinga som har vore dei siste åra, der vi har fått ein auke i elevar med ressursbehov i skulen. Det medfører at assistentar og fagarbeidarar må bruke større del av stillinga si i skulen om vi skal dekkje inn auka i elevar med vedtak om assistent.

Utviklingsarbeid ved skulen

Skulen har det siste året hatt fokus på at vi skal få ned talet på elevar som vert mobba, samt betre resultatata på dei nasjonale prøvane.

Handlingsplanen mot mobbing vart fullført i haust og skal delast ut til alle føresette til utviklingssamtalane våren 2015. Så langt har vi sett positive resultat av arbeidet som er lagt ned rundt denne planen.

Skulen har ikkje vore nøgd med resultatata på dei nasjonale prøvane dei siste åra. På bakgrunn av dette har vi gjort nokre grep for å betre resultatata. Vi har lagt ned mykje arbeid det siste året med å lage nye årsplanar/lokale læreplanar der vi har mykje meir fokus på grunnleggjande dugleikar i alle fag. Dette arbeidet er ikkje avslutta men forventast fullført våren 2015.

Resultata frå nasjonale prøver dette skuleåret visar at vi er på rett veg.

Utfordringar framover

Ei av dei største utfordringane framover er auken i elevar. Vi veit at det kjem store kull i 1. klasse dei neste åra. Normalt sett skulle denne auka tilseie 3 klassar på 3. trinn kvart år, men det vert usikre tal med tanke på språkdeling. Skuleåret 2015/2016 får vi for første gong 4 klassar på 1. trinn med ein fordeling på ca. 50/50 når det gjeld nynorsk og bokmål. Desse tala veit ikkje skulen før etter innskrivinga i slutten av januar kvart år, men dette gjer budsjettarbeidet på hausten vanskelegare.

Dette skuleåret er det budsjettert med 3 klassar, men vi får 4. Då treng vi ein lærar meir enn vi har i budsjetttrammene. Denne utfordringa vil følgje oss i åra som kjem.

Ei anna utfordring ved skulen er ei auke i elevar som vert tilmeldt til PPT. Dette er elevar som ofte får ei sakkunnig vurdering med tilråding om timar midt i budsjettåret, og som det vert vanskeleg å gje eit godt tilbod innan dei eksisterande rammene. Denne auken i elevar som treng spesialundervisning eller assistent kan kanskje sjåast i samanheng med kutta i budsjetttrammene 2013 og som har medført at fleire førebyggjande tiltak måtte takast vekk, og som har ført til ein reduksjon i lærartettleiken.

Skulen bør få auka lærartettleiken, spesielt på 1.-4. trinn, slik at ein kanskje kan førebyggje ein del av tilmeldingane til PPT.

7.11 Vestbygd skule

Kommentar til drifta

Økonomisk resultat: Tenesteområdet kom ut med eit meirforbruk i forhold til budsjett på kr 111 000. Skulen har eit stabilt personale, noko som gir god kontinuitet i arbeidet vårt. Sjølv om rammene har vore tronge, så har ein dratt lasset saman og løyst oppgåvene på ein best mogeleg måte. Det er stor vilje til kompetanseutvikling, og vi har også dette året hatt lærarar på vidareutdanning.

Elevundersøkinga viser at elevane trivst godt og at vi har eit godt læringsmiljø. Vi har og foreldre som er opptekne av borna si læring og samarbeider konstruktivt med skulen. I 2014 fekk vi på plass dei siste digitale tavlene slik at alle baseklasserom har slike.

Gjennom året har det vore nødvendig å styrka opplæringstilbodet noko i høve til tildelt ramme.

Utviklingsarbeid

I 2014 har skulen hatt fokus på desse områda:

- Evaluering/sluttvurdering av prosjektet «Betre læringsmiljø»
- Implementer Ing av Lokal Leseplan
- Bruk av digitale tavler i undervisninga
- Oppstart på arbeid med revidering av lokale læreplanar

Utfordringar framover

Vi ser at det framleis er utfordringar til å finna nok timar til tilpassa opplæring og tidlig innsats for å stø best mogeleg oppunder læringsarbeidet. Etter fleire år med innsparingar, har det samla seg opp eit behov for nyinnkjøp både når det gjeld læremidlar og på utstyrssida. Etter tilbygget som kom i 2012, vil det vere nok kapasitet til å ta imot dei elevane som ligg i prognosane dei nærmaste åra.

7.12 Helse

Helseavdelinga har i 2014 vore omfatta av følgjande ansvarsområde:

- Legeteneste.
Omfattar fastlegeordninga, legevakt dagtid, interkommunal legevakt og offentleg legearbeid.

- Psykisk helseteneste og rus.
- Fysioterapi- og ergoterapi.
- Helsestasjon og skulehelseteneste.
- Kommunal medfinansiering av sjukehus og gebyr for utskrivningsklare pasientar.

Avdelinga har totalt 30 lønna årsverk. I tillegg er det avtalar med private om fysioterapi- og legetenester som har utgjort inntil 5 årsverk. Med vikarar, engasjement og turnuslegar er det i løpet av året over 40 personar som har arbeidd eller utført tenester ved avdelinga. Ut over dette er det fleire som utfører heilt private helsetenester i kommunen i lokala til dei private behandlingsstadane (Helsenaustet og Frekhaug Fysioterapisenter).

Under Helseavdelinga ligg og ansvar for samarbeid om, og finansiering av, interkommunal legevakt. Vidare er det interkommunalt samarbeid om ingeniørstilling knytt til miljøretta helsevern.

Kommuneoverlegen er leiar for tenesteområdet helse. Avdelinga har ikkje nestleiar, sakshandsamar eller merkantilt personale. Leiaroppgåvene utgjer om lag 40% stilling. Fagleiar for psykisk helse, leiande helsesøster og driftsleiar ved Frekhaug legesenter har kvar inntil 20% administrativ funksjon. Kommuneoverlege har hatt 80% studiepermisjon dei siste 3 månadar av året. Økonomisk resultat: Tenesteområdet kom ut med eit overskot på 1 mill.

Frekhaug legesenter

Kommunalt drive legesenter med 5 fastlegar. I tillegg har kommuneoverlegen ei kort pasientliste. Kontoret hadde og turnuslege 9 månader. Alle fastlegane er på fast kommunal løn. Per capita-tilskot, eigendelar og refusjon går til kommunen. Legesenteret har 5,5 årsverk for helsesekretærar og 0,6 årsverk for jordmor fordelt på to personar. Tal på ordinære fastlegekonsultasjonar var 12.599. I tillegg kjem sjukebesøk, utrykkingar, tverrfagleg arbeid og konsultasjonar i den offentlege legetenesta (helsestasjon, skulehelse, kommuneoverlege mv). Alle legane er enten spesialistar i allmenntillegmedisin eller under spesialistutdanning. Ein av legane har 20% permisjon for å arbeide som praksiskonsulent ved Haraldsplass Diakonale Sykehus. Alle legane har offentlege legeoppgåver, i hovudsak knytt til helsestasjon, rusvern og skulehelse.

Kommuneoverlegen har ansvar for samfunnsmedisinske oppgåver som smittevern, miljøretta helsevern og planarbeid (m.a. innan beredskap og kommuneplan). Det er gjennomført ein del smitteverntiltak kring grupper og einskildpersonar, samt på generell basis (som influensavaksinasjonar mv). Miljøretta helsevern har i hovudsak handla om tilsyn med skular og barnehagar etter helsevern forskrifta, men og handsaming av enkeltsakar frå innbyggjarar knytt til m.a. støy frå privat eller offentleg verksemd.

Helsenaustet legepraksis.

To legar med fastlegeavtale (med kommunalt tilskot), og høvesvis 30% og 20% kommunal stilling knytt til psykisk helsevern (psykososialt kriseteam) og legeverksemd ved Meland sjukeheim. Helsenaustet har og knytt til seg private tenester innan reisemedisin, familieterapi, jordmorteneste mv. Helsenaustet produserer eiga årsmelding.

Legetenesta generelt

Målet med tenesta er å gje gode allmennlegetenester gitt av kompetent personell. Legekontora samarbeider om beredskap på dagtid, og ved ferieavvikling, kursfråver mv.

Listekapasiteten har vore dårleg grunna høg folkevekst. Dette betyr og at det i periodar har vore vanskeleg både å få tildelt fastlege, og å byte fastlege. Ein har vald å prioritere god tilgjenge til tenesta, ikkje minst akuttimar.

Kommunen har samarbeid med andre Nordhordlandskommunar om legevakt utanom arbeidstid. Lindås kommune er vertskommune. Meland bidrar økonomisk etter folketal, samt med legar i vakt. I 2014 er det gjennomført økonomiske innsparingar ved at offentleg legearbeid ved sjukeheim og helsestasjon er redusert.

Helsestasjon

Kommunen har helsestasjon i kommunehuset. I tillegg er det skulehelseteneste ved alle dei 6 grunnskulane. Ved nokre av skulane må likevel konsultasjonar gjennomførast på helsestasjonen grunna mangel på eigna lokale ved skulen.

Helsestasjonen har i utgangspunktet 4,3 årsverk fordelt på 3,8 helsesøster og 0,5 helsesekretær. Helsestasjonen har fått nye oppgåver knytt til inngåing av tenesteavtale med Helse Bergen, vedteke av kommunestyret. M.a. knytt til tettare oppfølging av barn og kvinner etter fødsel grunna tidlegare utreise frå fødeavdeling. Helsestasjonen i Meland er godkjent som «ammekyndig helsestasjon».

Nøkkeltal for helsestasjonsverksemda barn 0-6 år, vert meld til KOSTRA: Oppfølging av kvinner/barn etter 110 fødselar. Tal heimebesøk: 93. Tal 6-vekers kontroll: 110. Tal 2 årskontroll: 144. Tal 4 års kontroll: 118. Førskulekontroll: 22. I tillegg er det stort omfang av oppfølgjande samtalar, drop-in-undersøkingar, samt tverrfaglege møte med fastlegar, BUP, ansvarsgrupper og barnevern. Det vert ikkje ført detaljert statistikk for skulehelsetenesta. Det dreier seg om faste dagar på skulane med tilbod om samtalar med elevar og tilsette. Det var gjort ein kartlegging av tenesta hausten 2013 (referert i Kunnskapsdokument folkehelse 2014).

Grunna krav til økonomiske innsparingar har ledige stillingar blitt halde vakante store delar av året. Tenestene til publikum er redusert. Lovpålagd førskulekontroll av lege og helsesøster er ikkje gjennomført. Det er ikkje gjeve spesifikt helsestasjonstilbod til eldre ungdom (16-20 år).

Psykisk helse og rus

Tenesta har hatt 7,2 årsverk med ulik høgskulefagleg bakgrunn med relevant vidareutdanning. Målet med tenesta er å fremje sjølvstende, tilhøyring og styrke til å mestre eige liv. Arbeidet er retta mot personar >18 år, deira pårørande og på systemnivå. Om lag 150 menneske får oppfølging frå denne helsetenesta, i hovudsak etter innsøking frå lege. I 2014 var det 52 nyttilviste, medan 40 personar fekk avslutta si teneste. Om lag 23% av brukarane har individuell plan, medan 20% har fast samarbeid med Heimetenestene. Hos 36% av pasientane er det fast samarbeid med spesialisthelsetenesta. Det er tett samarbeid, og faste møtepunkt med alle kommunen sine fastlegar. Dei tre største diagnosegruppene er depresjon/angst (32%), blanda rus/psykiatri (28%) og psykose/schizofreni (12%).

Som ledd i samhandlingsreforma, nedbygging av sengekapasitet i spesialisthelsetenesta og oppfølginga av inngått samarbeidsavtale med sjukehusa, følgjer avdelinga opp dårlegare pasientar enn før. Oppfølging av lettare problem er i hovudsak avvikla. Alle brukarar har i løpet av 2014 fått vedtak om helsehjelp etter helse- og omsorgstenestelova.

Kommunen fekk, etter søknad til Fylkesmannen, tilskot til styrking av stilling innan rusvernet, gjeldande for eitt år. Ved første utlysing ettersomaren 2014 fekk ein ikkje kvalifiserte søkarar, og stillinga vart lyst ut på nytt, då med tilsetjing. Dette arbeidet kom i gang frå januar 2015. Grunna behov for innsparingar vart kjøp av plassar i privat rusvern avvikla i 2013, da Helseavdelinga fekk overført saksområdet frå NAV. Denne praksis er vidareført i 2014. Det ligg føre eiga årsmelding frå avdelinga, med meir spesifiserte data.

Fysio- ergoterapi

All fysioterapiteneste er lokalisert ved Frekhaug fysioterapisenter som er privat drive. Kommunen har 5 fysioterapeutar. Av desse er 2,3 årsverk kommunalt tilsett knytt til Meland sjukeheim, heimeteneste, systemfagleg verksemd og barn/unge med særskilde behov (i heim, barnehage mv.). Det er 2,75 årsverk knytt til driftstilskot. Dekningsgraden innan fysioterapi er blant dei lågaste kommunane i landet. Det har vore store utfordringar knytt til habilitering, rehabilitering, tidlegare utskrivningar frå sjukehus og mangelfulle lokale for verksemda.

Kommunen har ergoterapeut i 100 % stilling. Denne er organisert under Helseavdelinga, men arbeider tverrfagleg og tverrsektorielt, i hovudsak med rådgjeving knytt til hjelpemiddel. I dette ligg hjelp med søknad, tilpassing og opplæring i bruk overfor brukarar, pårørande og personell. Det er oppfølging av om lag 150 brukarar årleg.

Anna verksemd

Helseavdelinga har utstrakt samarbeid med andre kommunar gjennom m.a. faglege nettverk for fagleiarar, samt møteseriar for legevaktslegar. Det er og eit formalisert arbeid med spesialisthelsetenesta, både med Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sykehus, der kommunestyret har inngått juridisk bindande samarbeidsavtalar. Kommuneoverlegen sit i Regionrådet sitt helseutval, og er kommunen sin representant i Samarbeidsutvalet mellom dei 9 Nordhordlandskommunane og sjukehusa (og var leiar av utvalet 2012-2014). Kommuneoverlegen representerer kommunen i administrativ nemnd for Nordhordland interkommunale legevakt / kommunale akuttseger.

Helseavdelinga utarbeidde i 2014 eit kunnskapsdokument innan folkehelse. Dette vart vedteke av kommunestyret. Kunnskapsdokumentet fekk positiv omtale frå Fylkesmannen og nasjonale organ. Året 2014 var siste år med kommunal medfinansiering av sjukehus. Denne ordninga har vore underfinansiert frå statleg hald, og har bidrege til behovet for å redusere andre tenestetilbod innan kommunehelse.

Kommunen har i liten grad betalt gebyr for utskrivingsklare pasientar - det er berre betalt for nokre få døgn. Kvalitetssikringa og økonomiansvaret for desse gebyra har lege i Helseavdelinga, men er overført til Heimetenestene frå 2015. Ei omtvista sak som gjeld 49 liggedøgn er til behandling i Helsedirektoratet si tvisteløysingsnemnd.

Utfordringar framover

Meland er ein av dei kommunane i landet som bruker minst ressursar til kommunehelse. I 2014 har ein ikkje fullt ut klart å oppfylle lovpålagde krav. Vidare manglar kommunen nokre lågterskeltilbod som dei fleste kommunar har (t.d. frisklivssentral, helsestasjon for ungdom, psykisk helseteneste for

barn og unge). Det vil vere ei oppgåve framover å avklare kva vi kan klare å bygge opp av tenester, anten lokalt eller interkommunalt.

Vidare har helseavdelinga ei stor driftsutfordring ved at tenestene er lokalisert på 3 ulike stadar i kommunehuset, og ytterlegare 2 stadar på Frekhaug, og at fleire av areala ikkje har høve til utviding i takt med folkevekst og oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta. Tenesteleiar meiner dette gjer at ein ikkje tilstrekkeleg effektivt får utnytta muligheter til synergjar mellom fagfolk, samt utnytting av fellesareal og teknisk utstyr. Både folkevekst og samarbeidsavtalane tilpliktar kommunen større innsats innan habilitering, rehabilitering, busetjing, koordinert tverrfagleg oppfølging i eigen bustad, samt kapasitet innan fastlegeordninga. Næraste året er det behov for ei avklaring om ein skal satse på tenester i eigen kommune, eller om nokre av de eksisterande tilbod og nye tilbod skal vurderast oppretta utanfor dagens kommunegrenser. Dette heng tett saman med utgreiing av ny kommunestruktur.

7.13 NAV / sosiale tenester

Kommentar til drifta

Sosialtenesta er ein del av NAV. Målet med NAV-reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad. NAV skal yte tenester som er enklare for brukarane og som er tilpassa deira behov. Vidare skal NAV bidra til ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning. Vi arbeider mot individ og samfunn for å sikre målet om å gi menneske muligheter. I tillegg til sosiale tenester yt kontoret statlege tenester og har koordineringsansvaret for busetting av flyktningar.

Resultat

Meland kommune har ei arbeidsløyse januar d.å. på 3,4%. Dette ligg over arbeidsløysa i Hordaland på 2,6%. Meland kommune har mange personar som er under arbeidsavklaring i høve folketal. Vidare er det mange unge under 30 år som er under arbeidsavklaring og utgjer vel 20% av sakene.

Flyktningane våre møter større konkurranse på arbeidsmarknaden no enn tidlegare, då dei no og må konkurrera om «ufaglært» arbeid med arbeidsinnvandrarar frå EØS-land.

2014 har vore eit utfordrande år for NAV Meland med høgt sjukefråvær totalt sett. I tillegg har det vore utskiftingar på leiarsida. Kvart år vert det gjennomført både brukar- og medarbeidarundersøking. Resultata frå 2014 visar ein liten nedgang i kor nøgd brukarane har vore med NAV. Medarbeidarundersøking stadfestar at dei tilsette ved kontoret og har opplevd situasjonen som krevjande. Det er særleg dei statlege tenestene som har lidd under eit høgt fråvær.

Økonomi

NAV/sosiale tenester kom ut med eit overskot på kr 845.000,-.

Det er avsett kr 1.366.256,- til driftsfond flykningar slik at netto resultat for tilskot og aktivitetane retta mot flykningar er 0.

Utfordringar framover

- Sikre god oppfølging av personar under 30 år uavhengig av kva yting brukaren mottar.
- Sikre at personar ikkje er passive mottakarar av stønader
- Få betre oversikt over arbeidsløysa i Meland kommune og utarbeide strategiar for å møte denne.
- Sikre midlar til bustader for vanskeligstilte på bustadmarknaden
- Sikre ei god introduksjonsordning for flyktningane
- Sikre midlar til HMS-tiltak i kontorlandskap

7.14 Barnevern

Kommentar til drifta

Barnevernstenesta gjekk ut med eit overskot på kr 1.439.000,-, medan vi i 2013 hadde eit underskot på om lag kr 800.000. Det er fleire årsaker til det gode resultatet i år.

Vi fekk ingen nye barn under omsorg i 2014 og hadde heller ikkje akutt plasseringar på ungdom etter ådferdsparagrafane (rus/kriminalitet/vagabondering) . Og har såleis ikkje hatt vesentlege kostnader til juridisk bistand eller sakkunnige utgreiingar. Vidare har vi klart å «øyremerke» ei stilling til foreldrerettleiing – noko som gjer at vi får mindre behov for å kjøpe rettleiing.

Røynde og fagleg trygge medarbeidarar fører m.a. til gode kollegiale tilhøve. Gode høve til vidareutdanning og delegering av ansvar.

Resultat

Målsettinga om god økonomikontroll må kunne seiast å vere nådd. Vi har eit lågt utgiftsnivå samanlikna med vår KOSTRA-kommunegruppe, utan at dette går ut over nivået på dei tenestene som vert levert.

Satsinga på førebyggjande arbeid ser ut til å gje resultat. Systematisk førebyggjande arbeid med fokus på foreldrerettleiing viser seg å ha god innverknad.

Utfordringar framover

- Tenestområdet vil vere utfordrande å budsjettere då det er uråd å føreseie kriser.
- Høgt barnetal og stor tilflytting tilseier at behov for tenester som ligg over landssnittet.

7.15 Meland sjukeheim

Kommentar til drifta

For Meland sjukeheim har 2014 vore eit spennande år trass i trong økonomisk situasjon. Vi har fått ny korttidsavdeling, hatt fleire prosjekt, starta arbeid med innhald og kvalitet og fått to nye avdelingsleiarar. Rekneskapen for 2014 viser eit overskot på kr 1 224 000. Grunn til dette er at sjukepengerefusjonen frå NAV har vore langt høgare enn budsjettet. Det same gjeld refusjon for betaling for korttids- og langtids plassar.

I 2014 vart sjukefråværet redusert frå 13,3 % til 10,3 %. Dette er ei positiv utvikling som ein arbeider med skal halde fram.

I juni 2014 vart det opna ny korttids- og rehabiliteringsavdeling, Solkroken. Her er det 7 + 4 pasientrom, men pga. manglande budsjettmidlar vart berre 7 pasientrom tatt i bruk. Romma på Lindrande eining vart difor ståande tomme. To av pasientromma kan nyttast saman med pårønderom alt etter behov og kapasitet.

Den nye avdelinga hadde ikkje fått oppretta nye stillingar og difor flytta personalet frå ei gruppe (B) saman med nokre pasientar inn i den nye avdelinga. Dermed fekk Langtidsavdelinga fleire ledige rom. Dette medførte ein del bytte av pasientrom. Langtidsavdelinga fekk nytt namn: Nordgardstunet.



Offisiell opning av ny korttids- og rehabiliteringsavdeling var 16.06.14. Korttids avdelinga fekk trivelege, lyse og flotte lokale til glede for pasientar, pårørande og personale .

Under ser vi bilete frå den store terrassen.

I 2014 har ein fått oppretta to stillingar for avdelingsleiarar: Ein leiar for Korttid-rehabiliteringsavdelinga, natt-tenesta og Dagsenteret frå 01.04.2015 og ein leiar for Langtidsavdelinga og Lerketunet frå 01.09.2014. Gruppeleiarfunksjonen vart avvikla frå 31.12.2014.

I 2014 har ein arbeida med delegasjon av mynde frå leiar til avdelingsleiarar. Det er utarbeidd eit skriv som syner ansvarsdeling.



Frå 2014 er sekretær (60 % stilling) og systemansvarleg (80 % stilling) lokalisert ved Meland Sjukeheim.

Brukarundersøkinga gjennomført mai 2014

Snitt av undersøkinga var noko lågare i 2014 enn sist undersøking. Resultatet vert behandla i avdelingane og tatt opp i pårørandegruppe.

Totalt	2014	2012
Snitt Meland	4,8	5,3

Drift av pasientrom / sengeplass:

Meland Sjukeheim	Avdeling - Pasient rom	Pasientrom i bruk pr 31.12.13	Pasientrom i bruk pr 31.12.14	Tal rom totalt
Nordgardstunet	Avdeling A	14	10	10
	4 rom nytta midlertidig av heimetenesta frå desember 2014.			4
	Avdeling B	9	8	8
Solkroken frå 01.05.14	Avdeling C	0	8	8
	3 rom er ledige (manglar budsjettmidlar)	0		3
Lerketunet	Avdeling D	12	12	12
Totalt		35	38	45

Tal innvilga plassar i institusjon:

Innvilga plassar i institusjon pr 31.12.	2012	2013	2014
	23 (Lerketunet var omsorgsbustader)	33	37 (Opna ny avdeling frå mai 2014)

Utviklingsarbeid

Frå 2014 er det definert sentrale verdiar som styrande for Meland Sjukeheim:

Våre verdiar:  Respekt  Tillit  Livsglede 

Det har m.a. vore jobba med:

- Heiltidskultur / årsturnus

Det er fire hovudmål for dette prosjektet:

1. Sikra betre kontinuitet og kvalitet ved å arbeida for heiltidskultur
2. Rekruttera og behalda kvalifisert personale
3. Trivsel og godt arbeidsmiljø
4. Auka arbeidsnærveret. (2013 vart det 86,7% - 2014 vart det 89,7 %)

- **Helsefremmande arbeidsplassar**

Dette prosjektet vart satt i gong på grunn av eit høgt sjukefråvær i 2013. Ein har arbeidd opp mot Arbeidslivssenteret og får støtte derifrå til prosjektet. Vi hadde to samlingar i 2014 der temaet var tillit og primærkontakt rolla. Det vert søkt å vidareføra prosjektet i 2015.

- **Forflyttingskurs v/ bedriftshelsetenesta**

Medarbeiderkartlegging

Det vart utført medarbeiderkartlegging våren 2014, og dette resulterte i handlingsplan for 2014 – 2015 med 4 fokusområde:


1. Samarbeid / Trivsel: Her har vi tiltak som legg særleg fokus på trivsel og sosiale tiltak.
2. Fagleg / personleg utvikling: tiltak med vektlegging på kurs og internundervisning vert vektlagd
3. Stolthet over eigen arbeidsplass: Blant tiltaka her er synleggjering den fine arbeidsplassen vår for kvarandre og dei som er rundt oss
4. Organisering av arbeid: Her arbeider vi med to område: Samarbeid mellom avdelingane, tydeleg ansvarsforhold og forbetre rutinar

7.16 Meland heimeteneste

Kommentar til drifta



Heimetenesta skal bidra til at personer som treng det får nødvendig helsehjelp, slik at dei kan bu lengst mogeleg i eigen heim. Hjelp i heimen vert gitt til alle som treng det, uavhengig av alder. Heimetenestene yter heimesjukepleie, praktisk bistand, BPA, telefonalarm, støttekontakt, avlastning, omsorgsløn og tildeling av omsorgsbustad.

Talet på tenestene har ikkje endra seg mykje dei siste åra. Den største endringa når det gjeld drift i heimetenesta i 2014, er at pasientar som ligg på sjukehus vert tidlegare utskrivne, og er meir hjelpetrengande enn tidlegare som er eit resultat av samhandlingsreforma. Dette medfører store utfordringar grunna dårlegare pasientar og trong for meir fagpersonell på dei ulike vaktene.



Rekneskapsresultatet for 2014 gir eit underskot på 676 000. Dette har samanheng med store utfordringar når det gjeld ressurskrevjande brukarar. Vi ser ei tydeleg tendens mot at tenester til barn og unge utgjer ein større prosent av budsjettet for heimetenestene.

Inntekter og utgifter pr aldersgruppe



Organisering

Heimetenesta fekk tilsett to nye avdelingsleiarar i løpet av juni og september 2014. I avdeling nr 1 er det 61 tilsette (34,66 årsverk), i avdeling nr 2 er det 46 personar tilsett (25,95 årsverk). Det er utarbeida eit delegasjonsdokument med oppstilling av ansvarsområde og oppgåver for avdelingsleiarane og leiar for tenestområdet. Avdelingsleiarane har administrativt, fagleg og økonomisk ansvar. Gruppleiarfunksjonen for fem sjukepleiarar og ein vernepleiar er avvikla.

Elektronisk meldingsutveksling

Det har gjennom det siste året vore lagt ned mykje arbeid både lokalt, regionalt og nasjonalt knytt til innføring og omfang av elektronisk meldingsutveksling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. I løpet av april vart det starta overføring av elektroniske meldingar mellom Haukeland sjukehus og kommunane. Sidan september har ein utveksla elektroniske meldingar mellom dei fleste avdelingane ved Haraldsplass Diakonale Sykehus og kommunane. Dette arbeidet er ressurskrevjande. I tillegg til at ansvarleg sjukepleiar på dag og kveldsvakt brukar tid til å ta imot og svare på meldingar, har ein sjukepleiar fått sett av 25% av stillinga til meldingsovervaking.

Individuell plan

I samarbeid med dei andre Nordhordlandskommunane er det innført nytt planverktøy »Sampro». Koordinator for funksjonshemma er systemansvarleg og har gjennomført opplæring av aktuelle fagpersonar i avdelingar som PLOMS samarbeider med, i tillegg til brukarar og andre deltakarar i ansvarsgruppene. Det er dette året oppretta IP (individuell plan) for 32 pasientar/brukarar, og arbeidet med oppretting av planar i det nye systemet vil halde fram i 2015.

Dokumentsenter omsorg

Det er starta arbeid med oppretting av eit dokumentsenter omsorg. Koordinator for funksjonshemma og ein sakshandsamar (avlastning og støttekontakt) fekk kontor på sjukeheimen i desember. I tillegg til ein saksbehandlar i 70% stilling som tek seg av søknader og klager på tenestene avlastning og støttekontakt, har 2 sjukepleiarar sidan våren 2014 utført sakshandsaming i 20% av stillingane sine. Dei handsamar alle andre søknader og klager på tenester. Arbeidsmengda for saksbehandlarar er aukande. Det er i 2015 trong for ytterlegare kapasitetsauke innan forvaltning/vedtaksvurdering med omsyn til BEON- prinsippet (Beste omsorgsnivå) – dvs. rett tenesteyting til rett tid og med rett nivå.

Medarbeidarkartlegging

Det vart gjennomført medarbeidarkartlegging i mai 2014 med eit snitt resultat på fire (seks er beste resultat), men med ei deltaking på berre 50%.

Gjennomgang med personalet i etterkant førte til ein handlingsplan med desse fokusområda:

1. Organisering av arbeidet (for lita tid til å utføre arbeidet)
2. Fagleg og personleg utvikling for dei tilsette.

Brukarundersøking

Det vart gjennomført brukarundersøking i juni 2014 der resultatet viste eit samla score på fem (seks er beste resultat). 62% av dei som fekk tilsendt undersøkinga gav svar.

Mål og satsingsområde

Hovudmålsetjingane for heimetenestene er god kvalitet på tenestene og eit godt arbeidsmiljø. Dei siste åra har personalet fått lite fagleg påfyll grunna manglande økonomiske og administrative ressursar. Vi har i 2014 arbeidd med «Aktiv omsorg» som tema og hovudfokus på førebygging og hjelp etter BEON prinsippet. I samband med dette vart det arrangert to kursdagar i september/oktober. Til desse kursdagane vart det gjeve økonomisk støtte frå Fylkesmannen. Omgrepet «Aktiv omsorg» vart først omtala i Stortingsmelding 25, og seinare i Omsorgsplanen 2015. Regjeringa legg vekt på kultur, aktivitet og trivsel som sentrale og grunnleggande element i eit heilskapleg omsorgstilbod. Omsorgsmeldinga peikar på dette som ei viktig utfordring, og omtalar «Aktiv omsorg» som hovudstrategi for omsorgstenesta i framtida.

I samband med dette vart det søkt om at Meland kommune kunne få delta i KS sitt effektiviseringsnettverk «Kvardagsrehabilitering». Målsetjingane for dette nettverket er for det første at pasienten/brukaren skal greie kvardagen betre. For det andre å oppnå reduserte økonomiske kostnader grunna reduserte vedtakstimar og utsatt behov for sjukeheimsplass. Den tredje målsetjinga er nøgde medarbeidarar. Denne satsinga er viktig i ei tid då ein ser at ressursar og tid ikkje går i hop. Dersom ein kan hjelpe nokre pasientar til å klare seg sjølv, frigjer vi tid og ressursar som kan forvaltast betre til dei som faktisk har trong for omsorg. Vi startar arbeidet i dette nettverket i april 2015.

I løpet av hausten 2014 vart det dessutan arrangert to kursdagar for fire arbeidslag som yter teneste til personar med nedsett funksjonsevne med økonomisk støtte frå arbeidslivssenteret. Målet var å auke dei tilsette sin kompetanse innan relasjonsarbeid, kommunikasjon og samarbeid. Det vart særleg sett fokus på grensesetting og kompetanse innan utagerande åtferd hjå brukarane. Grunna positiv tilbakemelding frå personalet og lovnader frå Arbeidslivssenteret vil ein vidareføre dette tiltaket i 2015, og utvide omfanget av deltakarane til alle 9 arbeidslag i heimetenestene

7.17 Kultur

Nøkkeltal for 2014

	Rekneskap	Budsjett/mål	Avvik
Netto driftsramme	6 637 000	7 026 000	389 000
Sjukefråvær (korttid)	0,9%	0,0%	-0,9%
Totalt sjukefråvær	8,1%	8,0%	-0,1%
Tal årsverk	10	9,4	-0,6
	Pr.31.12.2014	Pr. 31.12.2014	Pr. 31.12.2014
Tal tilsette:	22	22	0

Sjukefråvær

Det har vore langtidsfråvær på kulturskulen, dei andre avdelingane har hatt noko korttidsfråvær.

Nærværarbeid:

Tenestemrådet har arbeidd for å styrke fellesskapskjensla gjennom personalmøte, tur og felles julelunsj. Leiar har vore på personalmøte på alle avdelingar.

Mål

Mål for tenestemråde kultur i 2014 var: Fokus på ungdom.

Tenestemrådet har gjennom ulike tiltak hatt fokus på arrangement retta mot ungdom.

Kulturavdelinga

Ungdomsrådet har ikkje vore i funksjon dei siste åra. Avdelinga har gjennom 2014 arbeidd med å etablere Ungdomsrådet igjen og laga nye retningslinjer for dette. Representantar vart vald, men første møtet kom ikkje i stand før januar 2015.

Temaplan for Idrett, folkehelse og friluftsliv vart vedteken. Friluftsliv har fått stor merksemd gjennom tildeling av prosjektmidlar til merkeprosjektet Skintveitmarka og igangsetting av arbeid med merkeprosjektet Mjåtveitvassdraget/Holsnøy sør. Avdelinga har bidrege med oppfølging, bistand og midlar til stiprosjekt Eikelandsvatnet, Midtmarka, Mjåtveitlva og Krossfjellet. Det var og starta opp eit samarbeid med lag og organisasjonar om turgruppesamarbeid. Kulturkonsulenten har vore på kurs i samband med stimerkeprosjektet.

ULK vedtok oppstart av kulturminneplan, og det har vore kurs og samarbeid om planutvikling. Det har vore arbeidd med førebuing av tiltak knytt til Holmestova og oppsetting av steinbygg på Mjåtveit. Kulturavdelinga og Frivilligsentralen har arbeidd godt saman om både Grunnlovsjubileum med bokutgjeving og fanfare, Eldredagen, Terje Vigen-framsyning i samband med Den kulturelle spaserstokken og avduking av Ivar Aasen-bysta.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen har saman med kulturavdelinga arbeidd med ei ungdomsgruppe for å skipe til Meland Minifestival. Dette var særskilt vellukka, og det er no eit ønske om at Ungdomsrådet heldt fram med eit slikt tiltak pr. år. Frivilligforum vart etablert med eit møte i februar og eit på hausten, møta var godt besøkt og laga ga innspel til fleire saker.

Kulturskulen

Ved utgangen av 2014 hadde kulturskulen 240 elevplassar (227 unike elevar) og 15 tilsette. Kurspengar er kr. 3000,- per skuleår, det vert gjeve søskenmoderasjon. 4 elevar som hadde søkt innan fristen stod på venteliste utan noko tilbod. Meland Kulturskule hadde stor utøvande aktivitet og i 2014. Elevane våre opptredde på større og mindre arrangement i kommunen gjennom skuleåret, både på eigne arrangement som konsertar, framsyningar og utstillingar – men og i samarbeid med lagslivet i kommunen.

I 2014 vann Sunniva Møster frå Meland «Drømmestipendet». Tildelinga vart feira med høgtideleg utdeling i kommunestyret og kulturskulen arrangerte og eiga feiringsutstilling for og med henne i «Galleri Rustica» på Holmeknappen. I oktober 2014 arrangerte Meland kommune «Komposisjonsverkstad for ungdom», finansiert gjennom statlege prosjektmidlar. Prosjektet hadde svært stor oppslutnad og berre om lag halvparten av dei frå Meland som meldte seg fekk plass. Komposisjonsverkstaden vart arrangert over to helgar, og deltakarane fekk lære om bruk av skala, tematisk bearbeiding, form og tekstur ved hjelp av sitt eige instrument eller songstemme. Verka ungdomane komponerte vart framførte som avslutning for kurset.

Meland bibliotek

Biblioteket fekk i oktober fylt opp 50% vakant stilling og auka opningstida tilbake til 24timar pr veke. Utlånet er stabilt og biblioteket har arbeidd mykje med formidling til 1. – 4. klassane. Arbeidet med prosjektet «Praksisfellesskap Lindås – Meland» har tatt mykje tid, men vil vonleg gje gode resultat når det vert avslutta i 2016. Bok- og strikke kafé har vore gjennomført annankvar veke og eventyrstundene har godt besøk frå barnehagane i kommunen, særleg dei private.

7.18 Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)

Økonomisk resultat

Ansvarsområdet kom ut med eit meirforbruk på kr 158.000,-. På grunn av kommunen sin stramme budsjettsituasjon er det halde igjen på utgiftene i heile ansvarsområdet. Ein del større vedlikehaldsoppgåver som vart skubba frå 2013 til 2014, og auka faste utgifter i samband med utvida bygnings- og anleggsmasse, er dekkja av innsparte midlar etter at reinhaldstenestene vart privatiserte. Gebyrinntektene har generelt vore lågare enn venta, dette følgjer svingingar i bustadmarknaden.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid

For sjukefråveret sin del er det ei positiv utvikling med lågare skår enn gjennomsnittet for kommunen, og nedgang frå 2013. Langtidssjukemeldte blir følgt opp i tråd med regelverket. For nærversarbeidet sin del, er det satsa på arbeidsmiljøtiltak gjennom ulike samlingar. I 2014 er ledige stillingar fylt opp, dette har redusert belastninga på dei andre stillingane og er svært positivt for arbeidsmiljøet.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat

1. Mål: Leverer gode tenester på alle område som krev kommunal saksbehandling etter særlover på PUK sitt ansvarsområde.

Resultat: Saksbehandlingstida betra seg gradvis gjennom 2014 som følgje av at ledige stillingar vart fylt opp. På slutten av året var det ikkje lenger brot på tidsfristane. Kvaliteten på saksbehandlinga er god m.o.t. innhald og lovfesta krav til heimelsgrunnlag, grunngjeving og likebehandling. Regionalt samarbeid om byggetilsyn vart lagt ned.

2. Mål: Ha god framdrift i kommunal planlegging, leverer gode karttenester, gje bøndene god oppfølging og drive næringsutvikling innan PUK sitt ansvarsområde.

Resultat: Det er gjort ein stort arbeid med å ferdigstille overordna kommunal ROS og med sluttspurten på arealdelen til kommuneplanen, som rett nok stadig har forsinka framdrift. Områdeplanen for Frekhaug sentrum vart endeleg godkjent, på tross av motstand frå Statens vegvesen. Kartverket er godt oppdatert på områda som kommunen har ansvar for. Kommunale arealplanar elles har måtta vike prioritet også i 2014. Landbrukskontoret opplever nøgde bønder og at fleire søknader om finansiering av ulike næringsutviklingsprosjekt er innvilga.

3. Mål: Utføre så mykje vedlikehaldsarbeid som mogeleg både når det gjeld teknisk infrastruktur og bygningsmasse, og drifte eigedomar og anlegg på ein kostnadseffektiv måte. Sikre at kommunen har den bygningsmassen og tekniske infrastrukturen som er nødvendig for å støtte dei oppgåvene som kommunen er sett til å løyse gjennom effektivt prosjektarbeid.

Resultat: Det er brukt meir pengar på vedlikehald av bygningar og anlegg enn året før, i tråd med godkjent vedlikehaldsplan. Det er investert i vegar og trafikksikringstiltak i tråd med investeringsplan. Fleire store VA-anlegg er bygd ut og ferdigstilt, nye er under førebuing i tråd med gjeldande tiltaksplanar.

Utfordringar framover

Den største utfordringa no er å oppretthalde drift- og vedlikehaldsnivået på ein verdibevarande måte. Etter mange år med minimumsdrift er det ikkje meir å hente gjennom effektivisering eller rasjonalisering innafor dei ressursrammene avdelinga rår over. Bygnings- og anleggsmassen aukar, det same gjer tal kommunale vegar og kommunale vatn- og avlaupsanlegg, medan tal tilsette står i ro.

Driftsovervakingsystema blir stadig fleire og meir kompliserte, faste avgifter og lisensar aukar, rapporteringskravet aukar. Vidare er det ei utfordring å halde oppe eit tilstrekkeleg tilbod av omsorgsbustader og kommunale bustader, med ein økonomi som sikrar vedlikehaldet. Endeleg er det ei utfordring å halde tritt med den teknologiske utviklinga; meir bruk av smarte løysingar innan kommunikasjon og dokumentasjon, koordinert med digitale FDV-styringsverktøy ute på dei ulike bygningane og anlegga, vil kunne spare tid. Her ønskjer kommunen eit regionalt samarbeid om rasjonelle løysingar. Elles er det forventningar til ulike planarbeid som kommunen sjølv skal stå for når arealdelen til kommuneplanen er ferdig.

8 Investeringar i 2014

Tabellen nedanfor viser at det er bokført investeringar for kr 21,2 mill. I tillegg kjem andre investeringsaktivitetar på kr 17,1 mill kr. Dette inkluderer utlån, avdrag og avsetningar på kr 11,2 mill vedr. startlån kommunen sin vidareformidling av startlån frå Husbanken. Sum finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er dermed kr 38,3 mill.

Investeringar 2014	Regnsk	Bud.	Avvik	Investeringar 2014 forts.	Regnsk	Bud.	Avvik
(Investeringssummer pr prosjekt brutto før refusjonar og tilskot)							
100 - IT-utstyr	755	1 550	-795	120 - Kapitalutviding Sambandet Vest AS	120	120	-
106 - IKT-prosjekt i regi av IKTNH	570	-	570	929 - Eigenkapitalinnskot KLP	754	754	0
256 - IKT Skular	664	360	304	Avsetn. til fond tilskot til Breibandsutbygg.	3 100		3 100
260 - Inventar og møblar skulane	120	125	-5	Avsetn. til fond - Sal av Vestbygd bhg.	1 891	1 880	11
370 - Meland sjukeheim	11 929	11 929	0	910 - Startlån - Utlån	3 343	7 000	-3 657
373 - Inventar/utstyr Meland sjukeheim	202	400	-198	910 - Startlån - Avdrag og avsetninger	7 902		7 902
760 - Asfaltering kommunale vegar	875	877	-2	Sum andre investeringsaktivitetar	17 110	9 754	7 356
761 - Trafikksikring inkl. avkjøring Vestbygd	185	204	-19				
Kommunale eiged. / bygg / vegar / kaier	1 221	648	573	Sum finansieringsbehov	38 349	29 842	8 507
776 - Fortau Mjåtveitvegen	190		190				
777 - Veg Litlebergen	66		66	Momsrefusjon	3 135	3 175	-40
778 - Gangbru Mjåtveitvegen	36	90	-54	Korreksjon momskomp. 2013	148		148
Sum ordinære investeringar	16 814	16 183	631	Sal av anleggsmidlar (Vestbygd Barnehage)	2 000	1 880	120
				Refusjonar diverse prosjekt	308		308
619 - Vassverk Kårbø - Landsvik	150	150	-0	Statstilskot Sjukeheimen	4 652	4 952	-300
621 - Vassledning Tveit-Valde-Brakstad	41	33	8	Statstilskot Breibandsutbygging	3 100		3 100
624 - Vassledning og avlaup Løppetona	238		238	Bruk av lånemidlar	12 700	11 320	1 380
629 - Vassledning Fløksand-Vikebø	46	49	-3	Bruk av kapitalfond	1 061	1 515	-454
639 - Slamavskiljar Orrhøyen	101	79	22	910 - Bruk av lånemidlar startlån	3 343	7 000	-3 657
640 - Utslepp Eikeland	2 249	2 400	-151	910 - Mottatte avdrag Startlån	7 338		7 338
659 - Sanering Markavegen	1 601	1 194	407	910 - Bruk av kapitalfond startlån	564		564
Sum investeringar vassverk og avlaup	4 425	3 905	520	Sum finansiering	38 349	29 842	8 507
Sum brutto investeringar	21 239	20 088	1 151				

Prosjektkommentarar:

100 IKT Utstyr, 106 IKT prosjekt i regi av IKTNH og 256 IKT Skular

Sum kostnad for desse prosjekta er kr 1.990.000,-, samanlikna med eit budsjett på kr 1.910.000,-.

Meirforbruk i sum er kr 80.000,-. Prosjekta vert budsjettmessig i stor grad handtert under eitt.

Det har vore investert i trålaust nett, klassesett med bærbar PC-ar og elektroniske tavler til fleire av skulane. Sjå spesifikasjon nedanfor.

Tal i heile 1000 kr

IKT - prosjekt nr 100, 106 og 256 sum:	eks. mva	inkl. mva
Office-Lisenser	415	519
Nettverk IKTNH - Meland andel	570	570
7 stk Elektroniske tavler skular	217	271
Trålløst nett diverse skular	154	177
Bærbar PC-ar skular	207	230
PC-ar Legekontoret og Helsestasjonen	89	112
PC-ar og datautstyr Sjukeheimen	62	77
Anna datautstyr	27	33
Sum	1 741	1 990

370 Meland Sjukeheim

Sjukeheimen har fått på plass eit tilbygg med 11 nye sengeplassar. Forutan sengeplassar inneheld tilbygget to fellesstover, kontor, møterom, parkeringsgarasje for 17 bilar samt diverse andre birom. Tilbygget vart tatt i bruk i mai 2014 etter ei byggetid på drøyt eit år. Kostnad i 2014 er kr 11,9 mill, som budsjettert. Total prosjektkostnad er kr 34 mill, også det som budsjettert. Tilbygget vart finansiert ved bruk av lånemidlar 15,7 mill, momskomp 5,7 mill og statstilskot 12,3 mill.

373 Meland sjukheim, inventar og utstyr

Dette er restmidlar frå prosjekt 370 Meland sjukeheim som vart overført til eit eige prosjekt for å dekke utgifter til resterande inventar og utstyr som var naudsynt for tilbygget, totalkostnad rena til kr 600.000,-. Av dette vart kr 400.000,- budsjettert for 2014. Påløpt kr 202.000,- Pr 31.12.2014. Rest kr 198.000,- pluss dei resterande 200.000,- som ikkje var teke med i revidert budsjett 2014 vil verte nytta i 2015.

760 Asfaltering kommunale vegar

Kostnad kr 875.000,-, som budsjettert. Følgjande strekningar vart asfaltert i 2014:

- Siste delen av vegen inn til Beitingen.
- Gang og sykkelsti mellom Vestbygd skule og Holme.
- Deler av vegen til Håtuft.
- Eit stykke av vegen til Hopland.

761 Trafikksikring

Kostnad i 2014 kr 185.000,-. Det største tiltaket i 2014 har vore etablering av veglys i gangvegen mellom Grønlandsvegen og Holtermandsvegen på Frekhaug. Det er etablert ein ekstra fartshump i Moldekleivmarka, og fartsgrensa i Mjåtveitvegen er redusert til 40 km/t. Vidare er det sendt ut brosjyrar til alle husstandane i kommunen igjen om krav til fri sikt i avkjørsler, med oppfordring om å fjerne vegetasjon som hindrar fri sikt mellom gåande og køyrande.

Kommunale bygg, vegar, kaier og eigedommar

Sum kr 1.221.000,- i 2014, budsjett kr 648.000,-. Det er påløpt kostnader i samband med sal av Vestbygd barnehage, kr 100.000,-, finansiert med salsgevinst. Vedlikehaldsarbeid i samsvar med godkjent tiltaksplan. Det er gjort rehabiliteringsarbeid i klasserom og toalettrom på Rossland skule og Sagstad skule, og utvendig arbeid på Grasdalen skule, Meland Ungdomsskule og Marilhøna barnehage. Budsjettet vart redusert i kommunestyremøtet i desember 2014 for ikkje å få for høgt låneopptak i 2014. På dette prosjektet vart budsjettet redusert for mykje, da det påløpte meir kostnader i desember enn rekna med. Opprinneleg budsjett var kr 1,25 mill inkl. mva.

776 Fortau Mjåtveitvegen

Prosjektet ikkje budsjettert, da det er finansiert med prosjektfusjonar. Brutto kostnad kr 190.000,- vil likevel framkomme som del av investeringskostnaden.

Tilsvarende gjeld **prosjekt 777 – Veg Litlebergen** (kr 66.000,-) og **prosjekt 778 – Gangbru Mjåtveitvegen** (kr 36.000,-)

619 Vassverk Kårbø-Landsvik

Prosjektet eigentleg avslutta i 2013. men kommunen måtte dekke kr 150.000,- i diverse reklamasjonsarbeid i 2014.

621 Vassleidning-Tveit-Valde-Brakstad

Prosjektet eigentleg avslutta i 2013. Kr 41.000,- vart brukt til reklamasjonar kommunen måtte dekke. Strekninga Valde-Tveit er i ny tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø flytta til 2017.

624 Vassleidning og avlaup Løypetona

Kr 238.000,- påløpt i 2014.

629 Vassleidning Fløksand-Vikebø

Kr 46.000,- utbetalt i grunneigarerstatning for grunneigarar langs leidningstraseen.

639 Slamavskiljar Orrhøyen

Det skal byggjast ein slamavskiljar i Laksevika for å sanere avlaupet frå det andre byggetrinnet på Orrhøyen. Prosjekteringsarbeidet vart gjennomført i 2014, kostnad kr 101.000,-. Anleggsarbeidet vert utført i 2015.

640 Utslepp Eikeland

Delar av avlaupsanlegget på Eikeland vart bygd samtidig med vassleidningen på 90-talet. I 2014 vart avlaupsanlegget ferdigstilt ved bygging av slamavskiljar og utslepp til sjø. Anlegget skal sanere avlaupet til bortimot 30 bustader. I utgangspunktet var budsjettet for anlegget 3,3 mill, men grunna endra trasèval og bruk av rammeavtalar med utførande gjekk anlegget vesentleg under budsjett. Kostnad i 2014 kr 2.249.000,-. Det står att noko oppryddingsarbeid våren 2015.

659 Sanering Markavegen

Det har vore store luktproblem knytt til slamavskiljaren i Markavegen som ligg svært nær busetnaden. Slamavskiljaren vil bli kopla ut og avlaupet vil bli pumpa til reinseanlegget på Varnappen frå ein nyetablert pumpestasjon. Prosjektet vart starta opp i 2014, påløpt kr 1.601.000,-, og vil bli avslutta første halvår 2015.

120 Kapitalutviding Sambandet Vest

Meland kommune sin del av kapitalutviding i 2014 er kr 120.000,-.

929 Eigenkapitalinnskott KLP

Som del av avtalen med KLP må vi løpande skyte inn meir kapital etter kvart som vår pensjonsportefølje i KLP aukar. Investering i 2014 er kr 754.000,-.

103 Statstilskott breibandsutbygging

Tilskott på kr 3,1 mill er motteke i 2014, og avsett til fond for bruk i 2015, når prosjektet startar opp.

910 Startlån

Vi budsjetterte i 2014 med kr 7 mill i opptak av nye lån og vidareformidling. Grunna stor søkermasse til Husbanken frå kommunar fekk vi redusert denne summen til kr 5,7 mill. Grunna nytt og strengare regelverk for kven som kan motta startlån kunne vi ikkje seie ja til så mange søkjarar som tidlegare, Berre kr 3,34 mill er difor utbetalt i nye lån i løpet av 2014. I tillegg er det gjeve tilsagn på kr 2,6 mill som kan komme til utbetaling i 2015. Pr 31.12.2014 har kommunen kr 10,3 mill på avsett til fond midlar knytt til mottatte avdrag og ekstraordinære tilbakebetalingar / refinansieringar på startlån. Desse kan nyttast til ekstraordinære nedbetalingar av kommunen sine innlån for vidareutlån, eller vi kan låne desse vidare ut til andre. I tillegg har vi kr 2,4 mill i ubrukte lånemidlar til startlån pr 31.12.2014. Økonomikontoret har hatt sakshandsamaransvaret for startlån i 2014, men dette vert frå 2015 overført til NAV, der det vert tilsett ny sakshandsamar i 50% stilling for å arbeide med startlån.